


Rapport om norsk, særleg nynorsk, i lærar- utdanningane

Språkrådet:

Innhald

| | |
|--|-----------|
| 1 Innleiing | 5 |
| 1.1 Målet med rapporten | 5 |
| 1.2 Problemstilling | 6 |
| 1.3 Viktige funn | 7 |
| 1.4 Oppbygging av rapporten | 8 |
| 2 Lærarutdanningane og nynorsken | 9 |
| 2.1 Lærarutdanningane som berebjelke for språkleg jamstilling | 9 |
| 2.2 Nynorskkompetansen til lærarane – avgjerande for nynorskkompetansen til elevane | 10 |
| 2.3 Krav til og behov for nynorskkompetanse | 11 |
| 2.4 Om lærarutdanningane | 13 |
| 3 Tidlegare undersøkingar | 18 |
| 3.1 Proba-rapporten | 18 |
| 3.2 Fylgjegruppa for lærarutdanningsreforma og oppfølging frå Kunnskapsdepartementet | 19 |
| 3.3 Masteroppgåver | 21 |
| 4 Metode | 22 |
| 4.1 Avgrensingar | 23 |
| 4.2 Ulike vurderingsformer | 25 |

| | |
|--|-----------|
| 5 Funn | 26 |
| 5.1 Grunnskulelærarutdanning for trinn 1-7 | 26 |
| 5.2 Grunnskulelærarutdanning for trinn 5-10 | 29 |
| 5.3 Lektorutdanning | 35 |
| 5.4 Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) | 38 |
| 5.5 Kompetanse for kvalitet (KFK) og vidareutdanning i norsk 1 og norsk 2 | 38 |
| 6 Drøfting | 42 |
| 6.1 Kva for utdanning har lærarane i skulen no og i framtida? | 42 |
| 6.2 Grunnskulelærarutdanninga i 2014 og no | 44 |
| 6.3 Nynorsk i fellesemne | 45 |
| 6.4 Kvar finn ein språkkrava? | 47 |
| 6.5 Døme på gode praksisar | 51 |
| 7 Oppsummering | 53 |
| 8 Tiltak | 54 |
| 8.1 Tiltak for styresmaktene | 54 |
| 8.2 Tiltak for utdanningsinstitusjonane | 56 |
| 9 Vidare forsking | 58 |
| 9.1 Kvalitativ tilnærming med same problemstilling | 58 |
| 9.2 Forsking på nynorskididaktikk i lærarutdanningane | 58 |
| 10 Kjelder | 60 |



Denne rapporten skal gje eit oversyn over korleis utdanningane som kvalifiserer til læraryrket, og då særleg norskfaglege utdanningar, dokumenterer og korleis dei gjennom vurdering vil sikra at studentane får kompetanse i både nynorsk og bokmål.

1 Innleiing

1.1 Målet med rapporten

Nynorsksenteret har fått i oppdrag frå Språkrådet å utarbeida eit kunn-skapsgrunnlag om korleis ulike utdanningsinstitusjonar dokumenterer og sikrar at studentane får kompetanse i både nynorsk og bokmål. Sidan storparten av lærarstudentane startar utdanninga si med sidemålskompe-tanse i nynorsk, vil me i denne rapporten særleg leggja vekt på korleis utdanningsinstitusjonane forsøkjer å sikra nynorskkompetansen til studen-tane. Føremålet med rapporten er å få eit oversyn over korleis nynorsk-kompetansen til lærarstudentar blir vurdert gjennom ulike utdanningar som kvalifiserer til læraryrket.

Nynorskkompetansen til lærarane er avgjerande for nynorskopplæringa til elevane, og nynorskopplæringa i skulen er avgjerande for jamstillinga mellom nynorsk og bokmål. Nynorskopplæring skjer i alle fag for elevar med nynorsk som hovudmål, og då må også alle lærarar, uavhengig av kva for undervisningsfag dei har, ha kompetanse i begge dei norske skriftspråka. I denne rapporten blir det difor òg viktig å sjå på korleis måten utdan-ningane sikrar nynorskkompetansen til studentane på, samsvarar med den nynorskkompetansen som krevst av lærarar i skulen.

I 2014 utarbeidde Proba samfunnsanalyse ein rapport om nynorsk som hovudmål på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet. Rapporten, som har namnet *Undersøkelse av nynorsk som hovedmål*, blir i det følgjande omtalt som Proba-rapporten. Den fyrste delen av Proba-rapporten tek særskilt føre seg språkbyte frå nynorsk til bokmål i skulen, medan den andre delen kartlegg korleis lærarutdanningane dokumenterer og sikrar nynorsk-kompetansen til lærarstudentane. Der rapporten frå 2014 gav eit bilete av korleis stoda for nynorsk i lærarutdanningane var då, freistar me i denne rapporten å visa korleis stoda er i dag. Me vil sjå dagens vurderingspraksisar i samanheng med den nynorskkompetansen som krevst av lærarar i skulen i dag og inn i framtida.

1.2 Problemstilling

Problemstillinga som ligg til grunn for undersøkingane i denne rapporten, er: «Korleis dokumenterer og sikrar lærarutdanningane nynorskkompetanse hjå studentane?»

Grunnlaget for granskinga er studieplanar og emneplanar frå dei ulike lærarutdanningane. Dette er dokument som skildrar innhaldet i studium og emne, og som seier noko om kva studentane skal læra. Emneplanane kan mellom anna gje informasjon om kva for språk studentane skal bruka i obligatoriske læringsaktivitetar og til eksamen i emnet. Ved å sjå på om og korleis utdanningsinstitusjonane prøver studentar i nynorsk og bokmål, får me eit bilet av kva lærarutdanningane gjer for å dokumentera og sikra nynorskkompetanse hjå dei framtidige lærarane.

Norsklærarar skal kunna gje opplæring i og på nynorsk både for elevar med nynorsk som hovudmål og for elevar med nynorsk som sidemål. Lærarar i andre fag enn norsk skal kunna gje opplæring på nynorsk ved skular som har nynorsk som hovudmål. I grunnskulelærarutdanninga (GLU) for dei som utdannar seg for 1. til 7. trinn (GLU 1-7), er norsk eit obligatorisk fag, men det er det ikkje for dei som går GLU for 5. til 10. trinn (GLU 5-10). Difor står studentgruppa som går GLU 5-10, i ei særstilling i denne rapporten, saman med dei som går praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) og femårig lektorutdanning og vel andre undervisningsfag enn norsk. Dei har ikkje norskfaget i utdanninga si, og viss ikkje utdanningsinstitusjonane sikrar nynorskkompetansen på andre måtar enn gjennom norskfaget, vil desse studentane gå ut i læraryrket utan meir kompetanse enn det dei har med seg frå vidaregåande opplæring.

Lærarane treng fleire former for nynorskkompetanse. Dei må meistra sjølve språket nynorsk, og dei må ha nynorskdidaktiske ferdigheiter til å gje god opplæring i og på nynorsk. I denne rapporten studerer me studie- og emneplanar for å undersøkja korleis lærarutdanningane dokumenterer og sikrar nynorskkompetansen til lærarstudentane. Då er det me faktisk kan seia noko om, korleis lærarutdanningane prøver og dokumenterer lærarstudentane sine eigne språklege ferdigheiter.

1.3 Viktige funn

- Lærarstudentar med norsk i fagkrinsen, uavhengig av kva for utdanning dei tek, får generelt nynorskkompetansen sin vurdert gjennom arbeidskrav eller eksamen på fleire tidspunkt gjennom utdanninga si.
- Lærarstudentar som *ikkje* har norsk i fagkrinsen, uavhengig av kva for utdanning dei tek, får ikkje vurdert nynorskkompetansen sin gjennom utdanninga si, med nokre svært få unntak.
- Alle dei tolv utdanningsinstitusjonane som gjev grunnskulelærarutdanning for 1. til 7. trinn, dokumenterer at studentane skal bli vurderte i både bokmål og nynorsk. Funna er om lag dei same som i 2014.
- Ved dei tolv utdanningsinstitusjonane som gjev grunnskulelærarutdanning for 5. til 10. trinn, er det stort sett berre for studentar med norsk i fagkrinsen at det er krav til at dei skal skriva på både bokmål og nynorsk. Berre fire av dei tolv institusjonane krev at studentar utan norsk i fagkrinsen blir vurderte i nynorsk i arbeidskrav eller til eksamen.
- Lærarstudentar som tek GLU 1-7 og GLU 5-10 med norsk i fagkrinsen, får som regel nynorskkompetansen sin vurdert gjennom arbeidskrav eller eksamenar meir enn éin gong gjennom studieløpet. Det er like fullt ein tendens at språkkrava blir lagde til starten av studieløpet.
- Nynorskkompetansen og bokmålskompetansen til studentane blir sjeldan vurdert på lik linje. Nynorskkompetansen blir ved dei fleste utdanningsinstitusjonane testa ved heimeeksamenar (eksamenar utan tilsyn), medan bokmålskompetansen blir testa ved skuleeksamenar (eksamenar med tilsyn).
- I dag er andre vegar til læraryrket vanlegare enn GLU. Tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at over halvparten av lærarstudentane som vart uteksaminerte i 2022, tok PPU eller femårig lektorutdanning. Berre studentane som tek lektorutdanning med norskfaglege emne, og studentar som tek PPU med norsk i botnen, blir vurderte i norsk (bokmål og nynorsk).

1.4 Oppbygging av rapporten

Nedanfor tek me til med eit kapittel som ser på den viktige rolla lærarutdanningane har for den språklege jamstillinga mellom nynorsk og bokmål, og kva nynorskkompetansen til lærarane har å seia for opplæringa til elevarane. I tillegg gjennomgår me kva for krav som blir stilte til lærarane gjennom ulike lover og planverk, og me presenterer dei ulike vegane til læraryrket. Vidare ser me på tidlegare undersøkingar av feltet, før me i metodekapittelet gjer greie for framgangsmåten som er brukt for å henta inn data og skildra nokre avgrensingar me har gjort. Deretter presenterer me funna i tabellar og drøftar desse. På bakgrunn av funna vil me koma med tilrådingar til tiltak både for utdanningsinstitusjonar og til styresmaktene. Me vil òg gje eit kort oversyn med framlegg til vidare forsking.

Norsklærarar skal kunne gje opplæring
i og på nynorsk både for elevar med
nynorsk som hovudmål og sidemål.

2 Lærarutdanningane og nynorsken

Dette bakgrunnskapittelet tek til med å sjå på kva for innverknad språkkompetansen som lærarane har i norsk, særleg i nynorsk, har på eit overordna samfunnsnivå og vidare på den enkelte eleven. Deretter presenterer me ulike styringsdokument som stiller krav til nynorskkompetansen til lærarane. Vidare tek me føre oss *Rapport om språkbyte* (2022) og *Språkstatus 2021*. Til slutt i dette kapittelet tek me føre oss dei ulike utdanningane som blir undersøkte i denne rapporten, strukturendringar for utdanningsinstitusjonane og kva for fritaksordningar som finst i lærarutdanningane for skriving på og vurdering av nynorsk eller bokmål.

2.1 Lærarutdanningane som berebjelke for språkleg jamstilling

Nynorsk og bokmål har vore jamstilte skriftspråk i Noreg sidan jamstillingsvedtaket frå 1885. *Lov om språk* (språklova), som tredde i kraft i 2022, er eit uttrykk for dagens offisielle norske språkpolitikk, og føremålet med lova er å

[...] styrke norsk språk, slik at det blir sikra som eit samfunnsberande språk som skal kunne nyttast på alle samfunnsområde og i alle delar av samfunnslivet i Noreg. Lova skal fremje likestilling mellom bokmål og nynorsk og sikre vern og status for dei språka som staten har ansvar for. (Språklova, 2021, § 1)

Språklova (2021) slår òg fast at det offentlege har eit særskilt ansvar for å fremja nynorsk, fordi det er det minst brukte av dei to norske skriftspråka. Det inneber å bruka og styrkja nynorsk og gje nynorskbrukarane gode vilkår. At den offisielle norske språkpolitikken seier at nynorsk skal fremjast, er eit uttrykk for korleis ein ynskjer at den norske språkstoda skal vera, og kva for eigenverdi språka har.

I proposisjonen til språklova står det at opplæringssektoren står i ei særstilling når det gjeld å sikra norsk og samisk som samfunnsberande språk, og at det difor må takast språkpolitiske omsyn når innhaldet i barnehage, skule og lærarutdanning skal utformast. Proposisjonen peikar òg på at språkpolitiske vurderingar, inkludert omsynet til ulike språklege mindretal, er særleg viktige når det skal gjerast større systemendringar på feltet. Han seier òg at det skal

leggjast til rette for at nynorskelever var og bokmålselever får eit likeverdig høve til å meistra sitt eige språk (Prop. 108 L (2019–2020), s. 58).

Det at alle elevar i norsk skule i utgangspunktet får opplæring i begge språka, er ein føresetnad for at brukarar av både nynorsk og bokmål skal kunna bruka og bli møtte med språket sitt på alle område. Difor er òg nynorskkompetansen til lærarane ein viktig berebjelke for jamstillinga mellom språka.

2.2 Nynorskkompetansen til lærarane – avgjerande for nynorskkompetansen til elevane

Nynorskkompetansen til lærarane er sjølv sagt avgjerande for kor god nynorskopplæring elevane får. Skjøng (2007, s. 77) peikar på både skulepolitiske utsegner og forsking som gjer det tydeleg at kompetansen til lærarane er avgjerande for kvaliteten på opplæringa i skulen. Dette gjeld òg nynorskopplæring, og ho viser vidare til forsking som handlar om korleis kompetansen og haldningane til lærarane spelar ei stor rolle for læringsutbytet bokmålselevane får i sidemålsundervisninga si (Skjøng, 2007, s. 78). Dette vil òg gjelda elevane med nynorsk som hovudmål. Nynorskkompetansen og språkhaldningane til lærarane har òg innverknad på språkhaldningane til elevane (Garrett, 2010, s. 22).

Det å gje nynorsken gode vilkår i samfunnet handlar ikkje berre om å gje flest mogeleg kompetanse til å kunna bruka språket, men òg om å gjera det enklare å vera nynorskbrukar og brukar av eit mindretalsspråk. Ei fersk undersøking om stoda for nynorsken, utført av Norstat, viser at éin av seks nynorskbrukarar har opplevd negative tilbakemeldingar om nynorsk i løpet av det siste året. Tala er verre for yngre språkbrukarar mellom 15 og 29 år. Der har heile éin av fire opplevd negative tilbakemeldingar det siste året (LNK, 2023).

Haldningar er tett knytte til kunnskapar, og god opplæring i nynorsk er ein føresetnad for gode haldningar (Anderson, 2007, s. 23). På den måten har nynorskopplæringa elevane får i skulen, både som hovudmål og som sidemål, mykje å seia for korleis det er å vera nynorskbrukar. Dette understrekar kor viktig nynorskkompetansen til framtidige lærarar er.

2.3 Krav til og behov for nynorskkompetanse

2.3.1 Opplæringslova

Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) frå 1998 sikrar elevane sine språklege rettar i skulen og legg såleis føringar for kva for nynorskkompetanse lærarar bør ha. I juni 2023 vedtok Stortinget ei ny opplæringslov som etter planen skal ta til å gjelda frå og med 1. august 2024. Nokre av endringane i den nye opplæringslova gjevar i ungdomsskulen nye rettar, og dei gjevar lærarar i ungdomsskulen og i vidaregåande skule fleire språklege plikter.

Ifylgje opplæringslova, både den gjeldande lova og opplæringslova som skal tre i kraft hausten 2024, skal kommunen gje forskrift om kva skriftspråk som skal vera hovudmålet på kvar skule, enten bokmål eller nynorsk. Skulen skal bruka hovudmålet i den skriftlege opplæringa og i den skriftlege kommunikasjonen med elevane og foreldra. Ein lærar som jobbar ved ein skule der kommunen har fastsett nynorsk som hovudmål, pliktar såleis å bruka nynorsk i skriftleg opplæring og leggja til rette for at elevane kan bruka nynorsk i skriftleg arbeid, uavhengig av kva fag læraren underviser i. I den nye opplæringslova er denne ordninga utvida til å omfatta fylkeskommunen, slik at det òg blir fastsett eit hovudmål for dei vidaregåande skulane.

I dag er det slik at dersom minst ti elevar på eitt av trinna 1 til 7 i ein kommune ynskjer eit anna skriftspråk som hovudmål enn det som er vedteke for skulen, har dei rett til å bruka og å få opplæring på dette skriftspråket i ei særskild gruppe. Som fylgje av endringar i opplæringslova frå og med hausten 2024 skal denne retten òg gjelda for elevar på 8. til 10. trinn.

Med utgangspunkt i elevane sine språklege rettar er det klart at lærarar i skulen, uavhengig av undervisningsfag, har behov for god nynorskkompetanse. Med utvidinga av dei språklege rettane som kjem med den nye opplæringslova, blir fleire lærarar omfatta av krav om å gje elevane skriftleg opplæring på hovudmålet som er valt for skulen, og fleire elevar kjem til å ha rett til opplæring på nynorsk i eiga språkgruppe i ungdomsskulen. Då er det òg eit større behov enn tidlegare for å sikra nynorskkompetanse i lærarutdanningane for lærarar både med og utan norsk i fagkrinsen.

2.3.2 Læreplanen

I 2020 tok nye læreplanar i Kunnskapsløftet (LK20) til å gjelda. Læreplanverket er samansett av ein overordna del og læreplanar for kvart enkelt skulefag. Ifylgje læreplanen i norsk skal elevar møta både nynorsk og bokmål i norskfaget frå 2. trinn i barneskulen, og frå 4. trinn skal dei utforska forskjellar og likskapar mellom skriving på hovudmål og sidemål (Utdanningsdirektoratet, 2020). Det vil seia at norsklærarar må ha nynorsk-kompetanse uansett kva klassetrinn dei underviser på, og uansett kvar i landet dei jobbar.

Den overordna delen av læreplanen skildrar det grunnsynet som skal prega pedagogisk praksis i heile grunnopplæringa, og tydeleggjer ansvaret skulen har for danning og for utvikling av kompetansen til alle som deltek i grunnopplæringa. Alle som arbeider i grunnopplæringa, må la dette grunnsynet prega planlegginga, gjennomføringa og utviklinga av opplæringa. Den overordna delen har status som forskrift saman med resten av læreplanverket, og han må lesast i lys av opplæringslova og anna relevant regelverk som gjeld for opplæringa.

Ifylgje overordna del av læreplanen (LK20) skal «opplæringa [...] sikre at elevane blir trygge språkbrukarar, at dei utviklar den språklege identiteten sin, og at dei kan bruke språk for å tenkje, skape mening, kommunisere og knyte band til andre» (Kunnskapsdepartementet, 2017). Alle elevar, uavhengig av kva for skriftspråk dei brukar, treng språkleg kompetente lærarar som støtte i arbeidet med å bli trygge språkbrukarar.

Lærarutdanningane har eit ansvar for å sikra at dei framtidige lærarane meistrar både bokmål og nynorsk. Norskfaget har eit særskilt ansvar for lese- og skriveopplæringa til elevane, men desse ferdighetene er òg mellom dei ferdighetene som i læreplanen blir rekna som grunnleggjande ferdigheter. Dette ser me igjen i forskriftene om rammeplan for lærarutdanning, der det står at studentane etter fullført grunnskulelærarutdanning «behersker norsk muntlig og skriftlig, både bokmål og nynorsk, og kan bruke språket på en kvalifisert måte i profesjonssammenheng» (forskrift om plan for grunnskolelærerutdanning, trinn 5–10, 2016, § 2). Alle grunnskulelærarar, uavhengig av kva fag dei har i fagkrinsen, skal altså meistra både bokmål og nynorsk, med mindre dei har fått fritak frå vurdering i eit av skriftspråka.

2.3.3 Språkstatus 2021 og Rapport om språkbyte

I 2021 kom Språkrådet med sin sjette språkpolitiske tilstandsrapport, *Språkstatus 2021*, som tek føre seg statusen til dei språka som Noreg har eit særleg språkpolitisk ansvar for. Nynorsk i lærarutdanninga er eitt av fleire punkt som blir omtalte i denne rapporten. Rapporten peikar mellom anna på utfordringa som ligg i at norsk ikkje er eit obligatorisk fag i grunnskulelærarutdanninga for 5. til 10. trinn, og kjem fram til at ein har god grunn til å tru at meistringsnivået til mange grunnskulelærarar er lågt, og at det burde vera «obligatorisk med både opplæring og prøving av kompetansane i begge skriftspråka» (Språkrådet, 2021, s. 36). Dette gjeld både dei som utdannar seg til norsklærarar, og dei som ikkje har norsk i fagkrinsen, ettersom dei kjem til å bruka norsk som skriftleg undervisningsspråk, uavhengig av kva fag dei skal undervise i.

I 2022 utarbeidde Nynorsksenteret ein rapport om språkbyte, på oppdrag frå Språkrådet. Rapporten hadde som føremål å danna eit kunnskapsgrunnlag om kvifor språkbyte skjer, i hovudsak i randsonene, men òg hjå nynorskelever andre stadar i landet. Nokre av tiltaka Nynorsksenteret føreslår i rapporten for å hindra språkbyte frå nynorsk til bokmål, er retta mot lærarutdanningane. Studiane rapporten viser til (Flasnes, 2017; Jegteberg, 2021; Staalesen et al., 2014), vitnar om at mange lærarar ikkje har gode nok nynorskferdigheiter til å bruka språket i undervisning, og at dei gjennom utdanninga si ikkje har fått kompetanse i å leggja til rette for nynorskelever i språkblanda klassar (Språkrådet, 2022, s. 83). Vidare peikar rapporten på at det er avgjerande at lærarar har god kompetanse i både nynorsk og bokmål i møte med elevar som kan ha nynorsk som enten hovudmål eller sidemål, og at lærarutdanningane har eit ansvar for dette (Språkrådet, 2022, s. 85).

2.4 Om lærarutdanningane

Den fyrste lova om lærarutdanning kom i 1890, fem år etter at jamstillingsvedtaket slo fast at nynorsk og bokmål er to jamstilte skriftspråk i Noreg. Lovene og forskriftene for lærarutdanning har sidan den gongen blitt reviderte og fornya fleire gongar, heilt fram til dagens *forskrift om rammeplan for grunnskolelærerutdanning for trinn 1–7* og den tilsvarande forskriftena for trinn 5–10 som kom i 2016. I desse lovene og forskriftene har nynorsk

gått frå å stort sett vera knytt til lesing til å få ein tydelegare plass som noko studentane skal meistra å skriva og bli vurderte i (Skjønig, 2011, s. 79–89).

Ifylgje Skjønig (2011) sin gjennomgang av planar og undervisningsreglement for grunnskulelærarutdanninga har reguleringane rundt nynorsk i utdanninga variert mellom eksplisitte formuleringar om at studentane skal vurderast i skriftspråket, og meir opne formuleringar som gjev rom for stor variasjon mellom utdanningsinstitusjonane i korleis dei sikrar kompetanse i dei to skriftspråka. Norskfaget har gått frå å vera obligatorisk for alle lærarstudentar til å bli valfritt og tilbake til å bli obligatorisk, før rammeplanen for den todelte lærarutdanninga kom i 2010 og norskfaget igjen vart valfritt for dei som utdanna seg for arbeid på 5. til 10. trinn. I denne rammeplanen kom òg formuleringa me kjenner igjen frå dagens rammeplan, nemleg at kandidaten «[...] mestrer norsk muntlig, norsk skriftlig både bokmål og nynorsk, og kan bruke språket på en kvalifisert måte i profesjonssammenheng» (forskrift om plan for grunnskolelærerutdanning, 2010, § 2). Ei utfordring for korleis utdanningsinstitusjonane skulle gjennomføra dette, var at norsk, som nemnt ovanfor, berre vart eit obligatorisk fag for dei som utdanna seg for 1. til 7. trinn.

Seks år seinare kom rammeplanen som regulerer dagens lærarutdanning, *forskrift om rammeplan for grunnskolelærerutdanning for trinn 1–7* (2016) og den tilsvarande forskrifta som gjeld for trinn 5–10. Ein stor forskjell frå dei føregåande rammeplanane er at grunnskulelærarutdanninga etter denne lova vart femårig med integrert master. Heller ikkje i denne rammeplanen er norskfaget obligatorisk for dei som vel retninga for 5. til 10. trinn. Likevel føreset rammeplanen at alle studentane, også dei som ikkje har norsk i fagkrinsen, «behersker norsk muntlig og skriftlig, både bokmål og nynorsk, og kan bruke språket på en kvalifisert måte i profesjonssammenheng» (forskrift om plan for grunnskolelærerutdanning, trinn 5–10, 2016, § 2). Det er opp til kvar enkelt utdanningsinstitusjon å sikra korleis dei oppnår dette.

Lektorutdanning med integrert master kvalifiserer for arbeid både i ungdomsskule og i vidaregåande skule. Det har vore ulike modellar for lektorutdanning tidlegare, men rammeplanen for den femårige integrerte lektorutdanninga for 8. til 13. trinn kom i 2013 (Utdanningsforbundet, 2021).

Reguleringane rundt nynorsk i utdanninga har variert mellom eksplisitte formuleringar om at studentane skal vurderast i skriftspråket, og meir opne formuleringar som gjev rom for stor variasjon.

I tillegg til Høgskulen i Innlandet er det berre universitetet som tilbyr lektorutdanning. Studentar som tek lektorutdanning, vel to undervisningsfag (fag 1 og fag 2). I det eine faget får studentane tilsvarande eit årsstudium, og studentane tek masterspesialisering i det andre faget. Pedagogikk, fagdidaktikk og praksis er ein integrert del av studiet. *Forskrift om rammeplan for lektorutdanning for trinn 8-13* (2013) har ingen formuleringar om språkkompetanse.

Ein annan veg til læraryrket er praktisk-pedagogisk utdanning (PPU). For å ta PPU må ein ha ein master i botn, med mindre ein har idrett eller skapande eller utøvande kunstfag. Innanfor desse fagområda kan ein ta PPU med bachelor i botnen. Mastergrad og PPU gjev tittelen lektor. PPU utgjer 60 studiepoeng, og både pedagogikk, fagdidaktikk og praksis er ein del av studiet. *Forskrift om rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning* (2015) har heller ingen formuleringar om språkkompetanse.

Kompetanse for kvalitet (KFK) er ein strategi for vidareutdanning av lærarar og skuleleiarar. Dette er ei satsing fram mot 2025, og ho er føreslått utvida til 2028. Utdanningsinstitusjonane tilbyr KFK innanfor mange ulike fagområde, og tilbodet er som regel organisert som eit deltidstilbod der studentane tek 30 studiepoeng over eitt år.

2.4.1 Fritaksordning

Forskrift om rammeplan for grunnskolelærerutdanning for trinn 1-7 (2016), og forskrifta som gjeld for trinn 5-10, legg opp til at alle studentar skal ha kompetanse i både nynorsk og bokmål. Det finst likevel eit fritaksreglement. I § 6 om godkjenningsreglar for GLU 1-7 står det: «Det kan gis fritak fra prøve i én av målformene i det obligatoriske norskfaget på 30 studiepoeng for studenter som ikke har vurdering i begge norske målformer frå videregående opplæring.» Det er presisert at eit slikt fritak skal førast på vitnemålet.

I § 6 i forskrifta som gjeld GLU 5-10, er det òg fritaksreglar. Dei seier at studentar som ikkje vel norsk som eitt av faga sine, kan få fritak frå vurdering i ei av målformene, dersom studentane ikkje har vurdering i begge dei norske målformene frå vidaregåande opplæring. Fritaket gjeld òg for utanlandske studentar som ikkje har vidaregåande opplæring frå Noreg.

For studentar som har norsk i fagkrinsen, er det ingen slike fritaksreglar. Det er òg presisert at fritak skal førast på vitnemålet.

Fritaket er altså knytt til norsk der det er ein obligatorisk del av lærarutdanninga. Når studentane sjølve vel norsk, får dei ikkje fritak. For lektorutdanning og praktisk-pedagogisk utdanning er det ikkje spesifisert noko om fritak i rammeplanane, men norsk er heller ikkje ein obligatorisk del av desse utdanningane. Der vel i tilfelle studentane sjølve norsk som fag.

Fritaksreglane i grunnskulelærarutdanninga er knytte til fritak som blir gjevne i den vidaregåande skulen, der elevar kan søkja om fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål. *Forskrift til opplæringslova* § 3-19 seier at elevar kan søkja om å få fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål dersom dei har dokumentert sjukdom, skade eller dysfunksjon som gjer at dei har problem med å læra både nynorsk og bokmål. Dei kan òg søkja om fritak dersom dei ikkje har gått i norsk grunnskule på ungdomstrinnet, om dei har hatt rett til særskild språkopplæring, eller om dei har gått i internasjonal eller utanlandsk skule i Noreg utan vurdering med karakter i sidemål.

2.4.2 Samanslåing av utdanningsinstitusjonar

I 2015 la regjeringa fram ei utdanningsreform, strukturreforma, for strukturelle endringar ved høgskular og universitet i Noreg. Strukturreforma førte til at åtte universitet og høgskular vart fusjonerte. Dette skjedde etter at Proba-rapporten vart skriven. Det er såleis utfordrande å samanlikna funna frå denne rapporten med funna frå Proba-rapporten. Det kan likevel vera interessant å sjå om strukturreforma kan ha hatt innverknad på kva for praksis institusjonane har for å dokumentera og sikra nynorskkompetansen til studentane. I tillegg til at fleire institusjonar er samanslåtte sidan Proba-rapporten vart skriven, fekk Høgskulen i Oslo og Akershus universitetsstatus i 2018 og endra namn til OsloMet – storbyuniversitetet (Hansen & Messel, 2023).

TABELL 1
Samanslårte utdanningsinstitusjonar

| | |
|---|--|
| Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (UiT) | Universitetet i Tromsø (UiT) |
| | Høgskolen i Harstad (HiH) |
| | Høgskolen i Narvik (HiN) |
| Nord universitet (NU) | Universitetet i Nordland (UiN) |
| | Høgskolen i Nesna (HiNesna) |
| | Høgskolen i Nord-Trøndelag (HiNT) |
| Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU) | Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU) |
| | Høgskolen i Sør-Trøndelag (HiST) |
| | Høgskolen i Gjøvik (HiG) |
| | Høgskolen i Ålesund (HiÅ) |
| Universitetet i Søraust-Noreg (USN) | Høgskolen i Buskerud og Vestfold (HiBV) |
| | Høgskolen i Telemark (HiT) |
| VID vitenskapelige høgskole | Diakonhjemmet høgskole |
| | Misjonshøgskolen (MHS) |
| | Haraldsplass diakonale høgskole (HDH) |
| | Høgskolen Betanien |
| Universitetet i Bergen (UiB) | Universitetet i Bergen (UiB) |
| | Kunst- og designskolen i Bergen (KHiB) |
| Høgskulen på Vestlandet (HVL) | Høgskolen i Bergen (HiB) |
| | Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) |
| | Høgskulen Stord/Haugesund (HSH) |
| Høgskolen i Innlandet (INN) | Høgskolen i Hedmark (HiHm) |
| | Høgskolen i Lillehammer (HiL) |

3 Tidlegare undersøkingar

3.1 Proba-rapporten

Proba-rapporten tok føre seg både årsaker til at elevar byter hovudmål frå nynorsk til bokmål, og det som er mest relevant for rapporten vår, nynorskkompetansen til lærarstudentar. Rapporten kartla korleis ulike utdanningsinstitusjonar dokumenterer og sikrar nynorskkompetansen til studentane i grunnskulelærarutdanning for trinna 1-7 og 5-10, lektorutdanning og vidareutdanning. Då Proba-rapporten kom i 2014, var lektorutdanninga relativt ny, og store delar av rapporten legg vekt på grunnskulelærarutdanninga. Proba-rapporten ser ikkje på praktisk-pedagogisk utdanning (PPU), som er ein vanleg veg til læraryrket. Årsaka til det er nok at PPU ikkje inneheld andre fag enn pedagogikk og fagdidaktikk. Me vil likevel sjå på denne utdanninga for å kunna seia noko om nynorskkompetansen til dei som blir lærarar i andre fag enn norsk gjennom praktisk-pedagogisk utdanning. I rapporten vår har me difor inkludert grunnskulelærarutdanninga for 1. til 7. trinn og for 5. til 10. trinn, fellesemne i lektorutdanninga, lektorutdanning med norskfaglege emne, PPU og norskfaglege emne i vidareutdanningsordninga Kompetanse for kvalitet (KFK). I kapittel 6.1 skal me seia meir om kvifor det er særleg viktig å inkludera desse utdanningane, både med tanke på kva for utdanning framtidige lærarar kjem til å ha, og med tanke på dei behova for nynorskkompetanse som blir utløyste av dei språklege rettane til elevane. For å kunna samanlikna særleg grunnskulelærarutdanninga frå 2014 med dagens situasjon skal me i det vidare gå gjennom nokre av funna i Proba-rapporten.

I grunnskulelærarutdanninga for 1. til 7. trinn fann dei at rundt halvparten¹ av utdanningsinstitusjonane vurderte både bokmåls- og nynorskkompetansen til studentane slik som rammeplanen seier dei skal gjera. Av dei utdanningsinstitusjonane som hadde krav til at studentane skulle skriva på nynorsk i vurderingar, var det altså ifylgje Proba-rapporten fleire utdanningsinstitusjonar som i 2014 ikkje vurderte nynorsk og bokmål på likeverdige måtar. Spesielt i norsk 2² var det i mange tilfelle enten opp til studentane sjølve kva skriftspråk dei ville bruka til eksamen, og ved nokre

1 Talet kan ikkje samanliknast med dagens tal, ettersom fleire av utdanningsinstitusjonane frå 2014 har slått seg saman til større institusjonar.

2 Norsk 1 og norsk 2 er dei breitt brukte nemningane på dei grunnleggjande norskemna i grunnskulelærarutdanninga for 1. til 7. trinn og 5. til 10. trinn. Kvart av dei utgjer 30 studiepoeng. Norsk 1 er obligatorisk i GLU 1-7.

tilfelle vart det òg trekt kva for skriftspråk som skulle nyttast. Ifylgje Proba-rapporten var det i 2014 berre éin institusjon som vurderte nynorsk under det dei karakteriserte som strengare vilkår enn bokmål (Staalesen et al., 2014, s. 62).

Heller ikkje i 2014 var norsk eit obligatorisk fag for dei som utdanna seg for arbeid på 5. til 10. trinn. Dei fleste skriftlege vurderingane for dei med norsk i fagkrinsen skulle i 2014 skrivast på valfritt skriftspråk i utdanninga for 5. til 10. trinn. Proba-rapporten slo fast at 4 av 16 utdanningsinstitusjonar gjennomførte det dei karakteriserte som ei likeverdig vurdering av nynorsk og bokmål i norskfaget, medan to institusjonar sikra nynorsk med meir prøving av nynorsk enn bokmål (Staalesen et al., 2014, s. 75). Når det gjeld dei studentane som ikkje valde norsk som fag, kjem det fram i Proba-rapporten at ingen av utdanningsinstitusjonane stilte krav til skriving på nynorsk til eksamen, berre i arbeidskrav (Staalesen et al, 2014, s. 75).

Som nemnt undersøkte Proba-rapporten òg korleis utdanningsinstitusjonane vurderte nynorskkompetansen til studentar som tok lektorutdanningar med fordjuping i norsk. I 2014 fann dei at alle utdanningsinstitusjonane med lektorutdanning i norsk stilte krav til at studentane hadde dokumentert kompetanse i både nynorsk og bokmål ved avsluttande skriftleg eksamen ein eller fleire gongar (Staalesen et al., 2014, s. 73). I KFK-ordningane dei undersøkte i Proba-rapporten, var det få utdanningsinstitusjonar som nemnde nynorsk, og det verka noko tilfeldig korleis det hadde konsekvensar for vurdering av nynorskkompetansen til studentane (Staalesen et al., 2014, s. 74)

3.2 Fylgjegruppa for lærarutdanningsreforma og oppfylging frå Kunnskapsdepartementet

I samband med endringane av grunnskulelærarutdanningane i 2010 vart fylgjegruppa for lærarutdanningsreforma oppnemnd av Kunnskapsdepartementet same året. Hovudoppgåva for gruppa var å fylgja innføringa av dei nye grunnskulelærarutdanningane og bidra til å sikra at lærarutdanningsreforma vart gjennomført etter Stortinget sine intensjonar og i tråd med gjeldande styringsdokument (Regjeringa, 2014). Gruppa evaluerte GLU-reforma i fem rapportar i perioden 2011-2015. I *Rapport nr. 2. Med god gli i kupert terreng - GLU-reformens andre år*, skriv gruppa at dei er bekymra

for at mange institusjonar ser ut til å nedprioritera arbeid med éi av dei to offisielle målformene i norsk GLU 5-10 (2012, s. 92). I same rapport tilrår fylgjegruppa at institusjonane bør sjå til at kravet til nynorskkompetanse i rammeplanen blir teke hand om i GLU 5-10, også for studentar som ikkje har valt norskfaget (følgegruppen for lærerutdanningsreformen, 2012, s. 101).

Med utgangspunkt i kritikken frå fylgjegruppa sin rapport frå 2012 og Proba-rapporten sende Kunnskapsdepartementet eit oppfylgingsbrev til alle grunnskulelærarutdanningane. Der la dei vekt på at lærarutdanningsinstitusjonane skal dokumentera og sikra at studentane får kompetanse i både nynorsk og bokmål:

Rammeplanene beskriver læringsutbyttet for GLU-programmene. Institusjonen har ansvar for å dokumentere at kandidatene har oppnådd det fastsatte læringsutbyttet.

Kunnskapsdepartementet forventer derfor at institusjonene nøye vurderer egen institusjons praksis opp mot kritikken fra PROBA-rapporten og Følgegruppen, og setter i verk nødvendige tiltak slik at det blant annet er nødvendig helhetlig ledelse av utdanningene. Institusjonene må selv vurdere behov for nasjonalt samarbeid for [sic] utvikle gode vurderingsformer som sikrer god dokumentasjon. (Kunnskapsdepartementet, 2014, s. 2)

I 2015 leverte fylgjegruppa for lærarutdanningsreforma den siste rapporten sin, *Rapport nr. 5. Grunnskulelærarutdanningane etter fem år. Status, utfordringar og vegar vidare*. Rapporten peikar på at nynorsk i GLU 5-10 berre er eit delvist løyst problem i reforma:

Bortfallet av obligatorisk norsk for 5-10 har ført til utfordringar for institusjonane når det gjeld å oppfylle krava i forskrifta knytt til meistring av både bokmål og nynorsk som profesjonsspråk. Nokre institusjonar, til dømes HiOA, har løyst utfordringane godt, medan andre institusjonar har gjort lite eller ingenting. Her bør dei siste lære av dei første. (2015, s. 126)

3.3 Masteroppgåver

Ei masteroppgåve me vil visa til, er Jegteberg (2021) som undersøkte korleis ulike utdanningsinstitusjonar sikrar nynorskkompetansen til studentane som går grunnskulelærarutdanning for 5. til 10. trinn utan norsk i fagkrinsen. Denne avhandlinga såg på nynorsk i lærarutdanninga på eit studieplannivå og på korleis planane vart realiserte i praksis. På bakgrunn av dette vart det laga ei tentativ rangering av korleis nynorskkompetansen til studentane vart sikra i GLU 5–10 utan norsk ved dei ulike utdanningsinstitusjonane. Her skilde Høgskulen i Volda (HVO) og Universitetet i Stavanger (UiS) seg positivt ut, ettersom dei er dei einaste med eit emneplanfesta opplegg for studentane som ikkje vel norsk som fag, medan Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU), Høgskolen i Østfold (HiØ), Nord Universitet (NU) og Universitetet i Sørøst-Noreg (USN) viste seg å ha verken undervisning eller vurdering av nynorskkompetansen til denne studentgruppa (Jegteberg, 2021, s. 90).

Ei anna masteroppgåve som ser på nynorskkompetanse i grunnskulelærarutdanninga for 5. til 10. trinn, har eitt forskingsspørsmål som er særleg relevant i denne rapporten: «Kva vurderingsordningar har ulike universitet og høgskular knytt til nynorsk?» (Haga, 2023). Undersøkinga finn at alle institusjonane krev skriving på nynorsk både i arbeidskrav og til eksamen, men at det er fleire tilfelle av obligatoriske arbeidskrav som skal skrivast på nynorsk, enn eksamenar (Haga, 2023, s. 81). Av eksamenane er det oftast ved heimeeksamenar og mappeeksamenar at studentane skal skriva nynorsk. Elles er det stor valfridom rundt skriftspråk i vurderingane, og Haga hevdar at «studentane ved fleire anledningar har mogelegheita til å skrive mindre krevjande tekstar på nynorsk i vurderingssituasjonar kor både målformer skal vere representerte» (Haga, 2023, s. 82).

4 Metode

For å få kunnskap om nynorsk i dei ulike lærarutdanningane i Noreg har me gjennomført ein dokumentanalyse av studieplanar og emneplanar. Me har altså granska korleis utdanningsinstitusjonane gjennom skriftleg vurdering dokumenterer og sikrar at studentane får kompetanse i både nynorsk og bokmål. Emneplanar blir stadig oppdaterte, og me samla inn data mellom juli og oktober. Kva studentane får karakterar og vurdering i, kan henga saman med arbeidet dei legg ned i emnet. Dette kan sjåast på som ei form for ytre motivasjon, noko fleire hevdar kan føra til overflatisk læring (Crooks, 1988; Kohn, 1993; Kellaghan et al., 1996; Deci et al., 1999 sitert i Smith, 2007), men likevel kan ein prosess som blir initiert av ytre motivasjon, skapa interesse for prosessen i seg sjølv og vidare føra til indre motivasjon (Smith, 2007).

Ein emneplan inneholder detaljerte skildringar av innhaldet i eit emne, inkludert undervisning og vurdering. Studieplanen i grunnskulelærarutdanningane skal etter *forskrift om rammeplan for grunnskolelærerutdanning for trinn 1–7* (2016, § 4(2)) og den tilsvarande forskrifta som gjeld for trinn 5–10, mellom anna skildra korleis utdanningsprogrammet legg til rette for utvikling av kommunikasjonsferdigitetene til studentane, både munnlege og skriftlege, på nynorsk og bokmål. Dei ulike utdanningane og emna som kvalifiserer for arbeid i skulen, som er inkluderte i denne rapporten, er grunnskulelærarutdanning for 1. til 7. trinn og 5. til 10. trinn, lektorutdanning i norskfaglege emne, fellesemne i lektorutdanningar, norsk 1 og norsk 2 i vidareutdanningsordninga Kompetanse for kvalitet (KFK), vidareutdanningar i norsk 1 og norsk 2, PPU i norskdidaktikk i tillegg til ikkje-fagspesifikke PPU-utdanningar ved 14 norske utdanningsinstitusjonar³. Når det gjeld lektorutdanningane i norskfaglege emne, har me avgrensa oss til å inkludera dei emna som studentar som vel norsk som fag 1 eller 2, skal gjennom, uavhengig av kva for masterspesialisering dei tek. Ved mange institusjonar kan studentane velja mellom svært mange emne på masternivå, og det ligg utanfor rammene for denne rapporten å inkludera alle desse. Me har i tillegg sett på dei emna som er felles for alle lektorløpa, for å kunna seia

³ Universitetet i Bergen (UiB), Universitetet i Oslo (UiO), Universitetet i Stavanger (UiS), Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (UiT), Universitetet i Agder (UiA), Nord Universitet (NU), OsloMet – storbyuniversitetet, Universitetet i Sørøst-Noreg (USN), Høgskolen i Innlandet (INN), Høgskulen i Volda (HVO), Høgskolen i Østfold (HiØ), NLA Høgskolen (NLA), Norges teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU) og Høgskulen på Vestlandet (HVL).

noko om korleis lektorstudentar utan norsk i fagkrinsen blir vurderte i nynorsk og bokmål gjennom utdanninga si.

Granskinga av emneplanane er avgrensa til *skriftlege* vurderingar gjennom arbeidskrav⁴ og eksamenar. Kva typar skriftleg vurdering og kva for avgjerner som er gjorde rundt kva for skriftspråk arbeidet skal skrivast på, blir presenterte i tabellane nedanfor. Tabellane er ei samanfatning av språkkrav til arbeidskrav og ordningar for eksamen, og dei skal i all hovudsak visa om utdanningsinstitusjonane prøver studentane i nynorsk (og i bokmål), og eventuelt på kva for måte.

4.1 Avgrensingar

Det fylgjer heilt klart ein del avgrensingar med når ein framstiller funna i ein forenkla tabell slik som me gjer i denne rapporten. Informasjonen i tabellane baserer seg på ei rekke ulike emne, og ved å framstilla dette i tabellar er det mange nyansar som ikkje kjem fram. Me tek etterhald om at det kan vera element me har oversett i dette arbeidet. Likevel gjev tabellane eit generelt oversyn over den viktigaste informasjonen i dette arbeidet. På grunn av den korte tidsramma for arbeidet med denne rapporten har me òg gjort nokre fleire avgrensingar.

Den største avgrensinga for rapporten er at han berre tek føre seg korleis utdanningsinstitusjonane i emneplanane skildrar eventuell *vurdering* av nynorskkompetansen til studentane. Det vil seia at om ei skriftleg vurdering ikkje er skildra i ein emneplan, vil ho ikkje bli inkludert i denne rapporten. Dette gjeld òg i dei tilfella der det i emneplanen står at informasjon om skriftspråk i skriftlege vurderingar blir gjeven ein annan stad som me ikkje har tilgang til.

Rapporten seier heller ingenting om arbeid i forkant og etterkant av vurderingane. Innhaldet i undervisninga og korleis ein obligatorisk læringsaktivitet

4 Eit arbeidskrav er eit obligatorisk arbeid som må godkjennast før studentane kan ta eksamen i emnet.

blir presentert for studentane, har mykje å seia for verdien av vurderinga. Tabellane seier heller ikkje om det blir gjeve tilbakemeldingar på tekstane, eller om det blir jobba vidare med dei i etterkant av sjølve vurderinga. Korleis ei vurdering blir *gjennomført*, har stor innverknad på læringa til studentar, ein innverknad som kan vera både positiv og negativ. I tilfelle der vurderingane berre fungerer som eit målereiskap for kva studentane kan, vil dei generelt ikkje føra til god læring for studentane (Hattie og Timperley, 2007, s. 104). Funna spesifiserer altså kva type vurdering studentane skal ha, men dei vurderer ikkje kvaliteten på vurderinga, verken med tanke på rammene rundt sjølve vurderinga eller med tanke på rammene innanfor den enkelte vurderingsforma.

Me seier heller ikkje noko om i kva grad språket blir vektlagt i vurderinga. Om ein student får underkjent på grunn av låg meistring av eitt av skriftspråka, vil det truleg vera avhengig av personen eller personane som gjer vurderinga. Nokre utdanningsinstitusjonar har likevel ordningar som seier noko om kor mykje språket skal bli vektlagt i vurderinga, men det ligg utanfor rammene for denne rapporten å ta det med her.

Det er òg viktig å peika på at vurderingane som er tekne med i tabellane, berre er dei vurderingane som i emneplanane har reglar for kva for skriftspråk som skal nyttast i den skriftelege vurderinga. Alle utdanningane som er med i denne rapporten, har sjølv sagt svært mange fleire vurderingar enn det som er ført opp i tabellane, men då utan at dei stiller krav til kva skriftspråk studentane skal bruka.

4.2 Ulike vurderingsformer

Granskinga inkluderer alle skriftlege vurderingar. I dei fleste emna må studentane gjennom éin eller fleire obligatoriske læringsaktivitetar, ofte kalla *arbeidskrav*, for å kunna ta eksamen. Arbeidskrava kan vera korte eller lange, mange eller få og skriftlege eller munnlege. Det er berre dei *skriftlege* arbeidskrava som er av interesse her. Arbeidskrava kan òg vera del av ein mappeeksamen, som me kjem tilbake til nedanfor. Dei obligatoriske aktivitetane består gjerne òg av gjennomført praksis i dei emna som har det, minstekrav til deltaking i obligatorisk undervisning og munnlege arbeidskrav.

Eksamensformene kan grovt sett delast inn i eksamenar utan tilsyn og eksamenar med tilsyn. Eksamensformar med tilsyn blir gjerne kalla skuleeksamenar, og eksamenar utan tilsyn blir kalla heimeeksamenar. Også desse eksamensformene varierer mykje, frå kortare prøver til 6-timars skriveøkter ved skuleeksamenar, og ved heimeeksamenar kan rammene variera frå nokre timer til fleire veker. Skuleeksamenar blir som nemnt gjennomførte under tilsyn. Tillatne hjelpemiddel blir ofte avgrensa til ordbok, og det blir gjerne brukt eigne lukka program utan skrivestøtte. Ved heimeeksamenar er vanlegvis alle hjelpemiddel lov å bruka, så lenge arbeidet er gjort av studentane sjølv, noko studentane som regel må stadfesta når dei leverer eksamenssvaret. Mappeeksamen er ein type heimeeksamen, men han skil seg frå ein vanleg heimeeksamen ved at han består av fleire arbeid som blir sette saman i ei mappe. I denne eksamensforma får studentane vanlegvis rettleiing på tekstane undervegs. Mappa kan bli samla over tid, og av og til er òg eitt eller fleire arbeidskrav i emnet del av denne mappeskrivinga. Som denne korte gjennomgangen viser, er det altså stor variasjon i omfang og rammer også innanfor dei ulike vurderingsordningane.

5 Funn

Nedanfor skal me gå gjennom funna i rapporten. Gjennomgangen av alle dei ulike utdanningstypane tek til med ei kort forklaring av oppbygginga av utdanninga det gjeld, før funna blir presenterte i ein tabell. Deretter gjennomgår me tabellen i avsnitta som følgjer. Som nemnt ovanfor er det berre dei skriftlege eksamenane med reglar for kva for skriftspråk som skal nyttast, som er inkluderte i funna. Krev ein utdanningsinstitusjon at studentane skriv på nynorsk i arbeidskrav, er det markert med «ja» i kolonnen for nynorsk i arbeidskrav i det aktuelle emnet. Dette gjeld uansett kor mange arbeidskrav utdanningsinstitusjonen har på nynorsk. I cellene der eksamenar er registrerte, viser talet i parentesen kor mange av dei respektive eksamenane studentane skal ha i emnet. Står det ikkje noko tal, er det berre éin.

5.1 Grunnskulelærarutdanning for trinn 1–7

I grunnskulelærarutdanninga for dei som utdannar seg for å undervisa i 1. til 7. trinn, er som nemnt norsk eit obligatorisk fag. I innhentinga av data har me difor avgrensa oss til å sjå på det som gjerne blir kalla norsk 1 og norsk 2, i tillegg til masteremne i norsk. Norsk 1 er faget som er obligatorisk for alle studentane i denne utdanninga, medan norsk 2 er eit valemne. Både norsk 1 og norsk 2 utgjer 30 studiepoeng kvar, og organiseringa av dei 30 studiepoenga varierer noko frå studiestad til studiestad. Studentane kan ta master i eitt av faga dei har 60 studiepoeng i frå før, og *masteremna* gjeld difor dei som både har norsk 1 og 2 og vel å ta master i norsk. Tolv utdanningsinstitusjonar tilbyr utdanninga grunnskulelærarutdanning for trinn 1–7:

TABELL 2

Språkkrav i vurderingar i GLU 1-7

| Institusjon | Fag | Nynorsk i arbeidskrav | Eksamens | | |
|-------------|------------------------------------|-----------------------|------------------------------|--------------|--|
| | | | Nynorsk | Bokmål | Motsett |
| UiS | Norsk 1 | Ja | Heimeeksamen | Skuleeksamen | |
| | Norsk 2 | Ja | | | |
| | Masteremne | Ja | | | Heimeeksamen på motsett skriftspråk av masteroppgåva |
| UiT | Norsk 1 | Ja | | | |
| | Norsk 2 | Ja | | | |
| | Masteremne | Ja | Heimeeksamen | | |
| UiA | Norsk 1 | | Skuleeksamen | Skuleeksamen | |
| | Norsk 2 | | | | Skuleeksamen på motsett skriftspråk av FoU-oppgåva |
| | Masteremne | | Skuleeksamen/heimeeksamen | | |
| NU | Norsk 1 | | Heimeeksamen | | |
| | Norsk 2 | | Heimeeksamen | Skuleeksamen | |
| | Masteremne | Ja | | | |
| Oslomet | Norsk 1 | Ja | Mappeeksamen | Skuleeksamen | |
| | Norsk 2 | Ja | | | |
| | Masteremne norsk og norskdidaktikk | Ja | Heimeeksamen | | |
| USN | Norsk 1 | Ja | Heimeeksamen | | |
| | Norsk 2 | | | | |
| | Masteremne | Ja | | | |
| INN | Norsk 1 | Ja | Heimeeksamen | Skuleeksamen | |
| | Norsk 2 | Ja | Skuleeksamen | FoU-oppgåve | |
| | Masteremne | Ja | | | |
| HVO | Norsk 1 | Ja | Skuleeksamen og mappeeksamen | | |
| | Norsk 2 | Ja | Heimeeksamen | | |
| | Masteremne | | Heimeeksamen | | |
| HiØ | Norsk 1 | Ja | Mappeeksamen | | |
| | Norsk 2 | Ja | | | |
| | Masteremne | Ja | | | |
| NLA | Norsk 1 | | | | |
| | Norsk 2 | | Mappeeksamen | | |
| | Masteremne | | | | |
| NTNU | Norsk 1 | | Heimeeksamen | Skuleeksamen | |
| | Norsk 2 | | | | |
| | Masteremne | | | | |
| HVL | Norsk 1 | Ja | Skuleeksamen | Heimeeksamen | |
| | Norsk 2 | Ja | Mappeeksamen | | |
| | Masteremne | | | | |

Som me ser i tabellen ovanfor, skal studentane ved omtrent alle utdanningsinstitusjonane nytta nynorsk og bokmål i minst éin tekst i arbeidskrav eller til eksamen i norsk 1. NLA har ingen fastsetjingar rundt skriftspråk ved skriftlege arbeid i emneplanane sine i norsk 1, men skriv at det blir gjeve opplysningar om dette ved enten studiestart eller i sjølve oppgåvesettet til eksamen. Ettersom me granskar kva for fastsetjingar utdanningsinstitusjonane har i emneplanar om kva for skriftspråk som skal nyttast i vurderingar, blir NLA rekna som ein institusjon som ikkje viser korleis dei gjer dette. Ved fem av utdanningsinstitusjonane skal studentane skriva nynorsk på heimeeksamenen i norsk 1, og av desse har USN ei ordning der studentane skal nytta både nynorsk og bokmål ved heimeeksamenen. Ved UiA og HVL skal studentane skriva nynorsk på skuleeksamenen, medan på HVO skal studentane nytta både nynorsk og bokmål på skuleeksamenen. Tre av utdanningsinstitusjonane har mappeeksamen i norsk 1, der HVO og HiØ vil at både bokmål og nynorsk skal nyttast i tekstane, medan OsloMet krev at alle tekstane i mappa blir skrivne på nynorsk. Ved UiS, UiA, OsloMet, INN og NTNU skal studentane skriva bokmål ved skuleeksamenen i norsk 1. UiT og NLA er dei einaste utdanningsinstitusjonane utan krav til skriving på nynorsk eller bokmål til eksamen i norsk 1. Her vil me òg trekka fram at OsloMet også har mange språkkrav i arbeidskrava i norsk 1. Det er tydeleg at dei legg vekt på at studentane skal skriva på begge skriftspråka. Studentane skal skriva mange tekstar på nynorsk i arbeidskrava, og nokre av dei skal vera lange.

I norsk 2 er det noko færre reglar for kva for skriftspråk som skal brukast i skriftlege arbeid. Ti utdanningsinstitusjonar krev at studentane skriv nynorsk enten i arbeidskrav eller til eksamen i norsk 2. Ved fire av desse er det berre i arbeidskrav institusjonen krev at studentane skal skriva på nynorsk. Ved NTNU og USN ligg det ikkje krav til skriving på verken nynorsk eller bokmål i det heile i emneplanen for norsk 2. Om me ser på kva type eksamen som skal skrivast på dei ulike skriftspråka i norsk 2, finn me at studentane skal skriva nynorsk på heimeeksamenen ved HVO og NU, og dei skal skriva heimeeksamenen på motsett skriftspråk av det dei nyttar i FoU-oppgåva same semester ved UiA. På HVL og NLA skal studentane ha ein mappeeksamen med tekstar på nynorsk og bokmål i norsk 2, og ved NU skal studentane skriva skuleeksamenen på bokmål. Studentane ved fleire av utdanningsinstitusjonane skal skriva FoU-oppgåve i norsk 2. Alle desse utdanningsinstitusjonane, med unntak av éin, lar studentane

velja sjølv kva skriftspråk dei vil nytta i denne oppgåva. INN krev at FoU-oppgåva blir skriven på bokmål.

I dei norskfaglege masteremna skal studentane ved dei fleste utdanningsinstitusjonane skriva eitt eller fleire arbeidskrav på nynorsk, men det er få institusjonar som har reglar for kva for skriftspråk som skal nyttast i eksamenane i desse emna. I masterspesialiseringa «norsk og norskdidaktikk»⁵ ved OsloMet skal studentane skriva heimeeksamenen på nynorsk, og det same skal studentane på HVO og UiT. På UiA skal studentane ha ein skuleeksamen og ein heimeeksamen i masteremna, og dei skal bruka nynorsk på éin av dei og bokmål på éin av dei etter fritt val. På UiS skal studentane ved ein heimeeksamen skriva på motsett skriftspråk av dei brukar i masteroppgåva. Det er altså berre fem av tolv utdanningsinstitusjonar som i dei norskfaglege masteremna i GLU 1–7 har reglar for kva for skriftspråk studentane skal nytta til eksamen.

5.2 Grunnskulelærarutdanning for trinn 5–10

Den forskjellen mellom GLU 5–10 og GLU 1–7 som har størst konsekvensar for sikringa av nynorskkompetansen til studentane, er at norskfaget ikkje er obligatorisk i denne retninga. Likevel skal dei etter *forskrift om rammeplan for grunnskolelærerutdanning for trinn 5–10* (2016, § 2) meistra nynorsk og bokmål og kunna bruka språket på ein kvalifisert måte i profesjonssamanheng. Difor har me, i tillegg til å sjå på norsk 1 og norsk 2 som i GLU 1–7, sett på kva *studieplanen* seier om sikringa av nynorskkompetansen til denne studentgruppa. Ifylgje den same forskrifta som er parafrasert ovanfor, skal studieplanen mellom anna skildra korleis utdanningsprogrammet legg til rette for utviklinga av kommunikasjonsferdighetene til studentane, både munnlege og skriftlege, på nynorsk og bokmål (forskrift om plan for grunnskolelærerutdanning, trinn 5–10, 2016, § 4(2)). Dersom utdanningsinstitusjonen har skildringar om dette i studieplanen, slik rammeplanen krev, har me gått vidare til emneplanane for pedagogikkfaget⁶ for å sjå om intensjonane er realiserte der.

5 Dei har òg ei masterspesialisering i byjaroplæring. Ho er ikkje teken med i denne undersøkinga.

6 Det kan òg vera andre fag der dei i studieplanen seier at studentane skal bli vurderte i nynorsk. Dette er ofte pedagogikkfaget, ettersom det er det einaste obligatoriske faget i grunnskulelærarutdanninga for 5. til 10. trinn.

TABELL 3

Språkkrav i vurderingar i GLU 5–10

| Institusjon | Fag | Nynorsk i arbeidskrav | Eksamenskrav | | |
|-------------|------------|-----------------------|---------------------------|--------------|--|
| | | | Nynorsk | Bokmål | Motsett |
| UiS | Norsk 1 | Ja | Heimeeksamen | | |
| | | | Mappeeksamen | | |
| | Norsk 2 | Ja | | | |
| | Masteremne | Ja | | | Heimeeksamen på motsett skriftspråk av masteroppgåva |
| | Utan norsk | Ja | Heimeeksamen | | |
| UiT | Norsk 1 | Ja | | | |
| | Norsk 2 | Ja | | | |
| | Masteremne | Ja | Heimeeksamen | | |
| | Utan norsk | | | | |
| UiA | Norsk 1 | | Heimeeksamen | Skuleeksamen | |
| | | | Mappeeksamen | | |
| | Norsk 2 | | | | Skuleeksamen |
| | Masteremne | | Skuleeksamen/heimeeksamen | | |
| | Utan norsk | | | | |
| NU | Norsk 1 | Ja | Heimeeksamen | Skuleeksamen | |
| | Norsk 2 | | Heimeeksamen | Skuleeksamen | |
| | Masteremne | Ja | | | |
| | Utan norsk | | | | |
| Oslomet | Norsk 1 | Ja | Mappeeksamen | | |
| | Norsk 2 | Ja | | | |
| | Masteremne | Ja | Heimeeksamen | | |
| | Utan norsk | Ja | | | |
| USN | Norsk 1 | Ja | Heimeeksamen | | |
| | Norsk 2 | Ja | Heimeeksamen | | |
| | Masteremne | Ja | | | |
| | Utan norsk | | | | |

| Institusjon | Fag | Nynorsk i arbeidskrav | Eksamens | | |
|-------------|------------|-----------------------|------------------------------|--------------------------------------|---|
| | | | Nynorsk | Bokmål | Motsett |
| INN | Norsk 1 | Ja | Heimeeksamen | Skuleeksamen | |
| | Norsk 2 | Ja | | | |
| | Masteremne | Ja | | | |
| | Utan norsk | Ja | | | |
| HVO | Norsk 1 | Ja | Skuleeksamen og mappeeksamen | | |
| | Norsk 2 | Ja | Heimeeksamen | | |
| | Masteremne | | Heimeeksamen | | |
| | Utan norsk | Ja | Mappeeksamen | | |
| HiØ | Norsk 1 | Ja | Heimeeksamen | Heimeeksamen og skuleeksamen | |
| | Norsk 2 | | Heimeeksamen/skuleeksamen | | |
| | Masteremne | Ja | | | |
| | Utan norsk | | | | |
| NLA | Norsk 1 | | | | |
| | Norsk 2 | | | | |
| | Utan norsk | | | | |
| NTNU | Norsk 1 | Ja | Mappeeksamen | | |
| | Norsk 2 | | | | |
| | Masteremne | | | | |
| | Utan norsk | | | | |
| HVL | Norsk 1 | Ja | Skuleeksamen | Heimeeksamen og skuleeksamen (60/40) | |
| | Norsk 2 | Ja | Mappeeksamen | | |
| | Masteremne | | | | Arbeidskrav på motsett språk av heimeeksamen x2 |
| | Utan norsk | | | | |

Studentar som vel norsk 1 i GLU 5–10, skal skriva nynorsk og bokmål enten i arbeidskrav eller til eksamen ved stort sett alle utdanningsinstitusjonane som tilbyr denne utdanninga. I tabellen er det ikkje registrert noko under NLA fordi dei i emneplanane skriv at skriftspråket studentane skal nytta til eksamen, blir oppgjeve ved semesterstart. Utanom NLA og UiT, der sistnemnde berre krev at studentane skriv nynorsk i arbeidskrav i norsk 1, skal studentane ved dei resterande utdanningsinstitusjonane skriva nynorsk til eksamen i norsk 1. Det er heimeeksamen som er den vanlegaste eksamensforma i norsk 1 i GLU 5–10. I fem av desse tilfella skal eksamenen skrivast på nynorsk, og i to av dei skal eksamenen skrivast på bokmål. USN har ei ordning som krev at studentane skriv både bokmål og nynorsk på heimeeksamenen i norsk 1. Ved fem utdanningsinstitusjonar skal studentane skriva mappeeksamen i norsk 1. Studentane ved OsloMet og NTNU skal skriva mappeeksamenen på nynorsk, medan på UiS, UiA og HVO skal studentane inkludera tekstar på både nynorsk og bokmål i mappene. I tilfella der skuleeksamen er sluttvurderinga i norsk 1, skal denne skrivast på bokmål i fire av tilfella og på nynorsk i eitt av tilfella. Studentane ved HVO skal skriva på både nynorsk og bokmål.

I norsk 2 har verken INN, NLA eller NTNU nokon reglar for kva skriftspråk som skal nyttast i arbeidskrav eller til eksamen. UiS, UiT og OsloMet krev at studentane skriv nynorsk i arbeidskrav, og dei resterande utdanningsinstitusjonane har òg reglar for kva skriftspråk som skal nyttast ved eksamenane. Ved USN skal studentane ha ein heimeeksamen der dei skal nytta både nynorsk og bokmål. Studentane ved HiØ skal bruka nynorsk og bokmål på kvar sin eksamen i norsk 2, der ein av dei er skuleeksamen og den andre er heimeeksamen. NU og HVO krev at studentane skriv nynorsk på heimeeksamenen. Når det gjeld skuleeksamenane ved utdanningsinstitusjonane i norsk 2, skal studentane på UiA skriva ein skuleeksamen på motsett skriftspråk frå det dei vel å bruka i FoU-oppgåva, og NU krev at studentane skriv på bokmål ved skuleksamelen.

I dei norskfaglege masteremna i GLU 5–10 har alle utdanningsinstitusjonane utanom NTNU krav om at studentane skal skriva nynorsk i arbeidskrav eller til eksamen. NLA tilbyr ikkje master i norsk i GLU 5–10, og dei har difor ikkje ei rad for dette i tabellen ovanfor. Studentane ved fem av institusjonane som tilbyr master i norsk i GLU 5–10, skal berre skriva nynorsk i arbeidskrav, medan dei resterande institusjonane òg har reglar for kva for skriftspråk som skal nyttast ved eksamenane. Ved OsloMet, HVO og UiT skal studentane skriva ein heimeeksamen på nynorsk, medan ved UiS er det spesifisert at minst éin skriftleg eksamen på masternivå skal skrivast på det skriftspråket studentane ikkje brukar i masteroppgåva. Studentane ved UiA skal bruka nynorsk og bokmål på kvar sin eksamen i masteremna, der den eine er skuleeksamen og den andre er heimeeksamen.

Som sagt er ikkje norsk eit obligatorisk fag for dei som går GLU 5–10, men studentane skal likevel meistra både nynorsk og bokmål. Korleis språkkompetansen til denne studentgruppa blir vurdert, varierer stort mellom utdanningsinstitusjonane ettersom det kan vera vanskeleg å vita kvar ansvaret for dette skal liggja. Her er det ei klar overvekt av utdanningsinstitusjonar som ikkje dokumenterer om dei vurderer nynorskkompetansen til studentane på noko tidspunkt gjennom utdanninga. Berre fire av tolv utdanningsinstitusjonar skildrar i studieplanar og emneplanar at studentane i arbeidskrav eller til eksamen skal vurderast i nynorsk utanom i norskfaget. UiS og HVO har eigne emne utan studiepoeng som handlar om utvikling av språkleg profesjonskompetanse, der mellom anna nynorskkompetansen til studentane blir vurdert. Studentane som vel matematikk heller enn norsk ved GLU 5–10 ved UiS, skal gjennom eit emne som heiter «lesing og skriving i alle fag». I dette emnet krev dei at studentane skriv nynorsk både i arbeidskrav og på heimeeksamenen. HVO har eit emne som heiter «profesjonsskriving på nynorsk og bokmål», der studentane skal ha ein mappeeksamen med tekstar på både nynorsk og bokmål. Mappeeksamenen skal inkludera fire omarbeidde arbeidskrav, to på nynorsk og

to på bokmål. Studentane som ikkje vel norsk på OsloMet og INN, skal bruka nynorsk i arbeidskrav i GLU 5-10. I studieplanen til HiØ står det at studentane skal gjennomføra akademisk skriving på bokmål og nynorsk, men det er ikkje konkretisert i nokon emneplan. I studieplanane og emneplanane for andreårspraksis ved USN står det at studentane skal arbeide med profesjonstekstar på bokmål og nynorsk, men det står ikkje konkret om nynorskkompetansen til studentane skal vurderast i arbeidskrav eller til eksamen, og dette er difor ikkje lagt inn i tabellen ovanfor. Også NTNU har ei formulering i studieplanen om sikring av kompetanse i dei to skriftspråka under «Norsk sidemål»: «Studenter som ikke velger norsk som et av sine studiefag kan pålegges å gjennomføre opplæring i norsk sidemål tilsvarende inntil 12 undervisningstimer med tilhørende arbeidskrav» (NTNU, 2023). Dette er ikkje noko me finn att i emneplanane i studiet. I studieplanen til GLU 5-10 ved USN står det:

For å ivareta utvikling av studentenes kommunikasjonsferdigheter – muntlige og skriftlige (bokmål og nynorsk) – legges det inn opplæring i enkelte av lærerprofesjonens tekster i forbindelse med praksisforetak, for eksempel ulike innkallinger og referater fra ulike typer møter. (USN, 2023)

Det same som for HiØ, USN og NTNU gjeld for HVL, der det i studieplanen står at studentane utan norsk i fagkrinsen må gjennom ei obligatorisk prøve. Når denne prøva skal haldast, og korleis ho går føre seg, er ikkje spesifisert i emneplanane i pedagogikkfaget, og av den grunn er heller ikkje denne prøva teken med i tabellen ovanfor.

5.3 Lektorutdanning

Lektorutdanninga er ei femårig utdanning som gjev mastergrad, og som kvalifiserer for undervisning i to fag. I tillegg til undervisningsfaga inneheld studiet pedagogikk, fagdidaktikk og praksis. Studentane skriv masteroppgåve i eitt av dei to faga dei har valt. I denne rapporten har me sett på emneplanane i alle ordinære⁷ lektorprogram i Noreg. I tillegg til å sjå på alle lektorutdanningar innanfor norskfaglege tema har me sett på fellesemna⁸ som studentane skal gjennom uavhengig av kva undervisningsfag dei vel. Fellesemna er ikkje med i tabellen nedanfor, men me har inkludert dei når me har samla inn data, ettersom at alle ferdigutdanna lektorar skal kunna jobba på skular med både nynorskelevar og bokmålselevar. Fellesemna i lektorutdanninga kan seia noko om korleis det blir sikra at alle lektorar, uavhengig av fagval, har kompetanse i både nynorsk og bokmål. Norskfaglege masteremne er ikkje inkluderte i tabellen. Dette heng saman med det store talet på masteremne og masterspesialiseringar som studentane kan velja når dei kjem til det punktet i utdanninga si. Difor er tabellane delte inn i «norsk som fag 1 og 2» og «norskdidaktikk», som begge inneheld emne som alle som vel norsk som undervisningsfag i lektorutdanninga, må gjennom. Norskdidaktikken er ein del av fagdidaktikken studentane skal ha, som skal vera relevant for dei to undervisningsfaga studentane vel. I tabellen nedanfor er òg lektorutdanninga til USN i historie teken med fordi dei tilbyr norsk som fag 2. Studentane kan altså ikkje ta master i norsk ved USN, men dei kan få undervisningskompetanse i faget.

7 Det vil seia alle utanom lektorutdanningane som er reine spesialiseringar i andre fagfelt enn norsk. Sjå ei oversikt over kva for lektorutdanningar som er inkluderte, i tabell 4. Fellesemna me har sjekka, er emna for pedagogikk og praksis.

8 Fellesemna me har sjekka, er emna for pedagogikk og praksis.

TABELL 4
Språkkrav i vurderingar i lektorutdanningane

| Institusjon | Fag | Nynorsk i arbeidskrav | Eksamensordning | | |
|-------------|-------------------------------------|-----------------------|----------------------------------|------------------------------|--|
| | | | Nynorsk | Bokmål | Andre ordningar |
| UiB | Norsk som fag 1 og 2 | Ja | Skuleeksamen | Heimeeksamen | Loddrekning heimeeksamen og skuleeksamen |
| | Norskdidaktikk | | | | Loddrekning heimeeksamen |
| UiO | Norsk som fag 1 og 2 | Ja | Mappeeksamen | | |
| | Norskdidaktikk | | | | |
| UiS | Norsk som fag 1 og 2 | Ja | Heimeeksamen | Heimeeksamen | Heimeeksamen og mappeeksamen på motsett skriftspråk av bacheloroppgåva |
| | Norskdidaktikk | | | | |
| UiT | Norsk som fag 1 og 2 | Ja | Heimeeksamen | Skuleeksamen og heimeeksamen | |
| | Norskdidaktikk | | | | |
| UiA | Norsk som fag 1 og 2 | | Heimeeksamen og skuleeksamen | Skuleeksamen (2) | |
| | Norskdidaktikk | | | | |
| INN | Norsk som fag 1 og 2 | Ja | Skuleeksamen (2) | Skuleeksamen (2) | |
| | Norskdidaktikk | | | | |
| NTNU | Norsk som fag 1 og 2 | Ja | Heimeeksamen og skuleeksamen | Skuleeksamen og mappeeksamen | |
| | Norskdidaktikk | Ja | | | |
| USN | Lektor i historie – norsk som fag 2 | | Skuleeksamen og heimeeksamen (2) | Skuleeksamen (2) | |
| | Norskdidaktikk | | | | |

Som me ser av tabellen ovanfor, krev alle lektorutdanningane i norskfaglege emne at studentane skriv nynorsk i arbeidskrav eller til eksamen i norsk som fag 1 og 2. Ved alle utdanningsinstitusjonane skal studentane skriva nynorsk til eksamen, og ved alle, utanom UiA, skal dei òg skriva nynorsk i arbeidskrav. Når det gjeld eksamenstypene i desse emna, er det flest skuleeksamenar på bokmål som skal avleggjast ved utdanningsinstitusjonane i norsk som fag 1 og 2. Bokmål er skriftspråkskravet i sju av skuleeksamenane, der USN og UiA krev at studentane skriv bokmål ved to skuleeksamenar i desse emna. Me ser òg at det er ein del utdanningsinstitusjonar som har skuleksamensamlinga på nynorsk i norsk som fag 1 og 2, i tillegg til at det er ein del som har heimeeksamen på nynorsk. Studentane på UiO skal skriva ein mappeeksamen på både bokmål og nynorsk, medan studentane på NTNU skal skriva ein mappeeksamen på bokmål. Den minst brukte eksamsformen i desse emna er heimeeksamen med krav om skriving på bokmål, noko som gjeld berre tre eksamenar i desse emna på tvers av utdanningsinstitusjonane.

Når det gjeld norskdidaktikkemna, er det berre NTNU og UiB som har språkkrav til det studentane skal skriva i desse emna. På NTNU skal studentane bruka begge skriftspråka i minst to arbeidskrav i fagdidaktikkemna, og på UiB blir det avgjort ved loddtrekning kva for skriftspråk heimeeksamenen skal skrivast på. Utanom ved desse to institusjonane er det ingen reglar for skriftspråk i dei skriftlege arbeida til studentane i norskdidaktikkemna på tvers av alle utdanningsinstitusjonane.

Sjølv om det ikkje er teke med i tabellen ovanfor, har me som sagt òg sett på fellesemna som studentane skal ha, uansett kva for undervisningsfag dei vel. I gjennomgangen av desse fellesemna fann me at ingen av utdanningsinstitusjonane stiller krav til kva for eit av dei norske skriftspråka som studentane skal skriva på, i nokon av vurderingane i desse emna. Grunnen til at me peikar på dette, er at elevar med nynorsk som hovudmål skal bruka språket sitt i alle fag i skulen, ikkje berre i norskfaget, og difor treng også lærarane opplæring i å bruka nynorsk som eit profesjonsspråk.

5.4 Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU)

PPU er ei vidareutdanning som normalt svarar til eitt år full studieprogresjon (60 studiepoeng), og som kvalifiserer til arbeid i skulen. Utdanninga er retta mot folk som allereie har ei utdanning, og som ynskjer å jobbe med undervisning. PPU består av fagdidaktikk, praksis og pedagogikk, der dei to siste er felles for alle uansett kva for fagdidaktikk ein vel. I denne rapporten inkluderer me ikkje ein tabell for PPU slik som for dei andre utdanningane. I arbeidet med datainnsamling laga me ein tabell for PPU, men mot slutten av denne prosessen vart det tydeleg at ingen av PPU-ane, om det er med norskdidaktikk eller ikkje, har språkkrav i nokon av vurderingane som kjem fram i emneplanane, og tabellen vart difor ståande tom. Det er altså ingen av utdanningsinstitusjonane som tilbyr PPU, som krev at studentane skal skriva nynorsk verken i arbeidskrav eller til eksamen i denne utdanninga.

5.5 Kompetanse for kvalitet (KFK) og vidareutdanning i norsk 1 og norsk 2


KFK var i fyrste omgang ein strategi for vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar fram mot 2025. I 2023 kom det ein revidert versjon av strategien der det òg vart bestemt at regjeringa ynskjer å vidareføra satsinga. Satsinga kom som ein konsekvens av høgare krav til undervisningskompetanse hjå lærarane. Eit nytt system for kompetanse- og karriereutvikling for lærarar og tilsette i barnehage og skule skal etter planen vera på plass i 2025. KFK skal mellom anna bidra til å oppfylla § 10-2 i opplæringslova om relevant kompetanse i undervisningsfag, og i motsetning til til dømes PPU vil det i vidareutdanninga vera kandidatar som frå før av ikkje har formell utdanning i norsk. Når det gjeld norskfaget, har me undersøkt alle KFK-utdanningar i norsk 1 og norsk 2 for 1. til 7. trinn og 5. til 10. trinn. Det finst òg vidareutdanningar som ikkje er del av KFK-satsinga. Mellom dei har me òg inkludert vidareutdanningar i norsk 1 og norsk 2 for 1. til 7. trinn og 5. til 10. trinn.

TABELL 5

Språkkrav i vurderingar i KFK og vidareutdanninger

| Institusjon | Fag | Nynorsk i arbeidskrav | Eksamens | |
|-------------|---|-----------------------|------------------|------------------------------|
| | | | Nynorsk | Bokmål |
| UiA | Norsk 1 for trinn 5–10 (KFK) | | | Heimeeksamen |
| | Norsk 2 for trinn 5–10 (KFK) | | | Heimeeksamen/skuleeksamen |
| OsloMet | Norsk 1 for trinn 1–7 (KFK) | Ja | | Mappeeksamen |
| | Norsk 2 for trinn 1–7 (KFK) | Ja | | FoU-oppgåve |
| | Norsk 1 for trinn 5–10 (KFK) | Ja | Mappeeksamen | |
| | Norsk 2 for trinn 5–10 (KFK) | Ja | Heimeeksamen | Heimeeksamen |
| USN | Norsk 1 for trinn 5–10 (KFK) | Ja | | Mappeeksamen |
| | Norsk 1 for trinn 1–7 (KFK) | | | |
| INN | Norsk 1 for trinn 1–7 | Ja | Heimeeksamen | Skuleeksamen |
| | Norsk 2 for trinn 1–7 (KFK) | Ja | | |
| | Norsk 2 for trinn 1–7 | Ja | Skuleeksamen | FoU-oppgåve |
| | Norsk 1 for trinn 5–10 (KFK) | | | |
| | Norsk 2 for trinn 5–10 | Ja | | |
| | Norsk 1 for trinn 8–13 (KFK) | | | Skuleeksamen (2) |
| HVO | Norsk 2, nynorsk i opplæringa, 8. til 13. trinn (KFK) | Ja | Heimeeksamen (2) | |
| | Norsk 2, nynorsk i opplæringa, 1. til 13. trinn | Ja | Heimeeksamen (2) | |
| | Norsk 2: Lese- og skriveopplæring | Ja | | Mappeeksamen |
| | Norsk 1 for trinn 1–7 (KFK) | Ja | | Mappeeksamen (2) |
| | Norsk 1 for trinn 1–7 | Ja | | Mappeeksamen (2) |
| HiØ | Norsk 1 for trinn 5–10 (KFK) | Ja | Heimeeksamen | Skuleeksamen og heimeeksamen |
| | Norsk 1 for trinn 1–7 (KFK) | Ja | | Mappeeksamen |
| NLA | Norsk 1 for trinn 5–10 | Ja | Heimeeksamen | Skuleeksamen |
| | Norsk 2 for trinn 5–10 | Ja | | Skuleeksamen |
| HVL | Norsk 1 for trinn 5–10 (KFK) | Ja | Mappeeksamen | Heimeeksamen |
| | Norsk 2 for trinn 5–10 (KFK) | Ja | Heimeeksamen | Heimeeksamen |
| | Norsk 1 for trinn 1–7 (KFK) | Ja | | Heimeeksamen og mappeeksamen |
| UiT | Norsk 1 for trinn 5–10 (KFK) | Ja | Heimeeksamen | Heimeeksamen |
| | Norsk 2 for trinn 8–13 (KFK) | Ja | Heimeeksamen | Heimeeksamen |

Som me ser i tabellen, er det nokre utdanningsinstitusjonar som gjennomgåande i større grad enn andre krev at studentane skal skriva på både nynorsk og bokmål i dei norskfaglege vidareutdanningane. Studentane skal ved omtrent alle utdanningsinstitusjonane vurderast i nynorsk i arbeidskrav eller til eksamen i norsk 1 og 2 både i KFK-emna og i vidareutdanningane. Dei einaste utdanningane der ein ikkje finn dette, er i norsk 1 for trinn 1–7 ved USN og norsk 1 for trinn 5–10 ved INN. Ser me på forskjellane mellom norsk 1 og norsk 2, ser me at det ikkje er noko systematikk i kva for vurderingsform som førekjem i dei ulike retningane. Det er heller ikkje tydelege forskjellar mellom trinn 1–7 og trinn 5–10.



Det er nokre utdanningsinstitusjonar som gjennomgåande i større grad enn andre krev at studentane skal skriva på både nynorsk og bokmål i dei norskfaglege vidareutdanningane.


6 Drøfting

6.1 Kva for utdanning har lærarane i skulen no og i framtida?

Tal frå Statistisk sentralbyrå viser kva for utdanning dei som er tilsette som lærarar i grunnskulen i dag, har. 44 prosent av lærarane har fireårig grunnskulelærarutdanning, 11 prosent har PPU, og berre 3 prosent har lektorutdanning (SSB, u.å.). I denne samanhengen betyr lektorutdanning utdanning i eit lektorprogram. At så få har lektorutdanning i grunnskulen, heng saman både med at dette er eit relativt nytt studietilbod, og med at slik utdanning kvalifiserer til å vera lærar på 8. til 13. trinn. Ein del av dei med slik utdanning jobbar dimed i den vidaregåande skulen og er såleis ikkje ein del av denne statistikken.

FIGUR 1


Tilsette lærarar i grunnskulen etter pedagogisk utdanning



Ser me på tala som gjeld kva for utdanning lærarstudentane som vart uteksaminerte i 2022, har teke, ser me at om lag 40 prosent av dei har femårig grunnskulelærarutdanning, fordelt på både 1. til 7. trinn og 5. til 10. trinn. 17 prosent har femårig lektorutdanning, og så mykje som 38 prosent har teke PPU (Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse, u.å.).

Tala i desse to figurane kan av mange grunnar ikkje samanliknast direkte. Mellom anna gjeld oversynet over kva utdanning tilsette lærarar i skulen har, berre for grunnskulen. I tillegg viser figur 2 i motsetning til figur 1 berre tal på studentar som *har* utdanning. I denne samanstillinga er det heller ikkje mogeleg å ta høgde for alle dei som utdannar seg til å bli lærar, men som seinare ikkje jobbar som lærar. Det er likevel nokre tendensar

FIGUR 2
Uteksaminerte lærarstudentar 2022



som er interessante å sjå på i denne samanhengen. Som figur 2 viser, har over halvparten av dei uteksaminerte lærarstudentane i 2022 femårig lektorutdanning eller PPU. Det vil seia at desse to utdanningane er svært viktige for rekrutteringa av framtidige lærarar, men som me veit, finst det ikkje språkkrav i rammeplanane til desse utdanningane. Ser me dette i samanheng med dei allereie eksisterande språkrettane elevane har, er det mange lærarar som ikkje får den kompetansen som opplæringslova krev at dei har, gjennom utdanninga si. Med den nye opplæringslova, der både språkdelt ungdomsskule og hovudmål for vidaregåande skular blir innført, kjem dette til å gjelda endå fleire lærarar i framtida.

6.2 Grunnskulelærarutdanninga i 2014 og no

Det er ni år sidan Proba-rapporten vart publisert, og me skal i det vidare sjå om det har vore noka utvikling i korleis nynorskkompetansen til studentane i grunnskulelærarutdanninga blir vurdert. Det kan vera utfordrande å samanlikna funna i denne rapporten med funna i Proba-rapporten, jamfør samanslåingane av utdanningsinstitusjonar som me har kommentert i kapittel 2.4.2. I Proba-rapporten fann dei at det var store variasjonar mellom utdanningsinstitusjonane i kva vurderingsform dei hadde valt, og kva for krav dei stilte til skriftspråk i dei skriftlege vurderingane. Det same gjeld for dagens grunnskulelærarutdanning.

Ser me på tabellane i Proba-rapporten og tabellane i rapporten vår, kan det sjå ut til at nokre utdanningsinstitusjonar har hatt godt av samanslåinga med andre institusjonane med tanke på korleis dei vurderer nynorskkompetansen til studentane i grunnskulelærarutdanninga. Dette gjeld til dømes HVL, som i 2017 vart til ved ei samanslåing av Høgskolen i Bergen, Høgskulen Stord/Haugesund og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Der kan det sjå ut til at vurderingsordninga til Høgskulen i Sogn og Fjordane i norsk 2, både i GLU 1-7 og i GLU 5-10, har påverka praksisen i Bergen, Haugesund og Stord på ein positiv måte.

Andre utdanningsinstitusjonar som kan sjå ut til å ha hatt ei positiv utvikling i korleis dei vurderer nynorskkompetansen til grunnskulelærarstudentane med norsk i fagkrinsen, er HVO og UiA i GLU 1-7. OsloMet har nokre færre krav til skriving på bokmål i GLU 5-10 no enn før, og det same gjeld UiS. Utanom desse er det få tydelege utviklingar som har skjedd i GLU 1-7 og 5-10 med norsk i fagkrinsen sidan Proba-rapporten kom, og dei aller fleste utdan-

ningsinstitusjonane vurderer nynorskkompetansen til desse studentane under omrent like tilhøve no som i 2014, ifylgje emneplanane me har undersøkt.

I GLU 5-10 for dei utan norsk i fagkrinsen var det i 2014 ingen utdanningsinstitusjonar som hadde krav til at studentane skulle skriva nynorsk til eksamen. I dei tilfella der studentane skulle prøvast i nynorsk, var det i arbeidskrav. No i 2023 er det fire utdanningsinstitusjonar som skildrar i éin eller fleire emneplanar at studentane skal skriva nynorsk i arbeidskrav eller til eksamen, sjølv om dei ikkje har norsk i fagkrinsen. Det er OsloMet, HVO, INN og UiS.

6.3 Nynorsk i fellesemne

Den største utfordringa når det gjeld korleis nynorskkompetansen til studentar blir sikra i utdanningar som kvalifiserer for arbeid i skulen, ligg i dei utdanningane som ikkje er norskfaglege. Ut frå funna i denne rapporten kan det sjå ut til at desse utdanningane, som like fullt kvalifiserer lærarar til arbeid i skular over heile landet, ikkje lukkast med å vurdera og sikra at studentane har kompetanse i begge dei norske skriftspråka. Ser me på tabellen over kva for utdanning lærarstudentane som vart uteksaminerte i 2022, har teke, signaliserer tala at svært mange av lærarane som kjem til å arbeida i skulen i framtida, vil vera utdanna i ei femårig lektorutdanning eller i PPU. Som me allereie har peikt på i funn-kapittelet, finst det ein del gode praksisar for vurdering av nynorskkompetansen til studentane i dei *norskfaglege* lektor-emna, men i fellesemna for alle som tek lektorutdanning uavhengig av fagval, blir det ikkje på noko tidspunkt stilt språkkrav til dei skriftlege arbeida til studentane. Det er altså ei heil gruppe med lektorar som blir uteksaminerte og er kvalifiserte til å undervisa både nynorskelevar og bokmålselevar, men som ikkje har fått språkkompetansen sin testa i utdanninga.

Dei same utfordringane som me finn i fellesemne i lektorutdanningane, finn me i PPU. Som sagt består PPU av fagdidaktikk, praksis og pedagogikk, der dei to siste er felles for alle uavhengig av kva fag ein vel i fagdidaktikken. Likevel finn me i denne rapporten at verken studentane som vel norsk-didaktikk, eller studentane som vel eit anna undervisningsfag, må skriva tekstar på nynorsk i utdanninga, ifylgje emneplanane me har undersøkt. Når 38 prosent av lærarstudentane som vart uteksaminerte i 2022, har teke PPU, kan det igjen sjå ut til at ei stor gruppe av dei framtidige lærarane kjem til utøva profesjonen, med alle dei krava det stiller til språkkompe-

tanse, utan å ha blitt vurdert i nynorsk i utdanninga si. Rett nok har nokon av dei som tek PPU, norsk som fag i botn, men det gjeld langt frå alle. Og i gjennomgangen av PPU ser me at mange stadar blir heller ikkje PPU med norsk som fag tilbydd.

I grunnskulelærarutdanninga for 5. til 10. trinn utan norsk som fag er stoda noko betre. Funna viser likevel at det er ei overvekt av utdanningsinstitusjonar som ikkje skildrar i emneplanane at dei vurderer nynorskkompetansen til denne elevgruppa, gjennom den femårige utdanninga. Det er berre i fire av tolv tilfelle at det er skildra språkkrav i emneplanane for dei studentane som ikkje vel norsk som fag. Her skil særleg HVO og UiS seg positivt ut, som me har nemnt tidlegare, med eigne emne som handlar om språkkunnskapane til lærarane i alle fag. Dei andre to institusjonane som i emneplanane skildrar at dei vurderer nynorskkompetansen til studentane som ikkje vel norsk som fag, er OsloMet og INN. Me har tidlegare vist til Jegteberg (2021) som ikkje undersøkte emneplanane, men *studieplanane* i grunnskulelærarutdanninga for 5. til 10. trinn. Her fann ho at seks av tolv utdanningsinstitusjonar hadde formuleringar om vurdering av nynorskkompetansen til studentane som ikkje vel norsk som fag, i studieplanane. Grunnen til at talet er lågare i undersøkinga vår, er truleg at det er fleire som har ei formulering i studieplanen, men at dette ikkje er vidare konkretisert ned i emneplanane. Som me såg i funna, gjeld nettopp dette HiØ, USN, HVL og NTNU. For desse institusjonane fann Jegteberg (2021) òg at praksisen ikkje realiserte intensjonane for studieplanane.

I masteroppgåva til Jegteberg (2021, s. 81) er eitt av funna at mange av informantane i studien hadde von om at dei var på veg til å få betre sikring av vurderinga av nynorsk på dei respektive utdanningsinstitusjonane for studentane på GLU 5-10 utan norsk. HVL, USN, NTNU, NLA, HiØ og NU uttalte at dei hadde nynorsk i lærarutdanninga for studentane utan norsk som fag på agendaen, og at dei håpte å få på plass eit opplegg for desse studentane i nærmeste framtid. Men ho skriv:

Om dette faktisk vil kome på plass, eller om det er tomme lovnader, vil tida vise, men det er uansett positivt at det er på agendaen. Det at endringar er på veg, kan òg vere ei innrømming av at dei til nå har kome til kort når det kjem til nynorsk. (Jegteberg, 2021, s. 83)

Ingen av dei seks institusjonane har konkretisert måtar å vurdera nynorsk-kompetansen til studentane i GLU 5–10 utan norsk som fag på i emneplanane sidan 2021. USN har, som me såg i funna, lagt inn i studieplanen at studentane i samband med praksis skal arbeida med profesjonstekstar på nynorsk og bokmål, noko dei ikkje hadde for to år sidan, men studentane skal framleis ikkje vurderast i nynorsk. I undersøkinga til Jegteberg (2021) kom det fram at formuleringa til HVL i studieplanen, som sa at studentane på GLU 5–10 utan norsk i fagkrinsen skulle gjennom ei obligatorisk prøve i nynorsk, ikkje vart gjennomført. Denne formuleringa ligg framleis i studieplanen, men me har ikkje grunn til å tru at ho blir gjennomført, ettersom det ikkje er presistert kva prøva går ut på, eller når i utdanninga ho skal gjennomførast. NTNU si formulering om «norsk sidemål» er ny sidan 2021, men dette er ikkje noko som er konkretisert vidare i emneplanane. Bruken av «sidemål» sender eit signal om at eitt av dei to skriftspråka er underordna det andre, og det er eit omgrep som er knytt til grunnskuleopplæringa, som ikkje er nytta i til dømes styringsdokumenta for høgare utdanning. Lærarane skal ha jamgod kompetanse i begge skriftspråk og har ikkje eit formelt hovudmål og sidemål etter grunnskuleopplæringa (Jegteberg, 2021, s. 75). Elles har det ikkje skjedd noko med korleis dei seks nemnde utdanningsinstitusjonane sikrar nynorskkompetansen til studentane på GLU 5–10 utan norsk som fag, jamvel om dei i 2021 sa at dei håpte på å få inn eit opplegg innan kort tid for å dekkja dette behovet.

6.4 Kvar finn ein språkkrava?

I arbeidet med denne rapporten finn me nokre mønster i når språkkrava er lagde inn i vurderingane i utdanningane. Både i GLU 1–7, i GLU 5–10 og i lektorutdanningane ser me at skriving på nynorsk og bokmål ofte er lagd inn i starten av studieløpet, noko dei òg peikar på i Proba-rapporten (2014). I grunnskulelærarutdanningane er det gjennomgåande at hovudvekta av språkkrava kjem i norsk 1 og norsk 2, der studentane allereie i norsk 2 skal skriva mindre på nynorsk enn i norsk 1. I masteremna i grunnskulelærarutdanningane er det få institusjonar som har reglar for kva for skriftspråk som skal nyttast til eksamen. I GLU 1–7 er det berre fire utdanningsinstitusjonar som krev at studentane skriv på nynorsk til eksamen i masteremna, i tillegg til éin som har krav om ein heimeeksamen på motsett skriftspråk av masteroppgåva. I GLU 5–10 er det fem utdanningar som krev at studentane skriv på nynorsk i masteremne. Det er endå færre krav til at studentane skal

Ser me på kva for eksamenstypar som det oftast er nynorskkgrav til, er dette heilt klart ved heimeeksamen, spesielt i grunnskulelærarutdanningane.

skriva på bokmål i masteremna, enn til at dei skal skriva på nynorsk. Fleire utdanningsinstitusjonar har krav til språk i arbeidskrava i masteremna. I lektorutdanningane ser me at språkkrava stort sett ligg i emna for norsk som fag 1 og 2, då om lag ingen av utdanningsinstitusjonane stiller krav til at studentane skal skriva på nynorsk i norskdidaktikken. Dette er med eitt unntak, og det er at dei på NTNU skal skriva nynorsk i eitt arbeidskrav i norskdidaktikkemna. Sjølv om masteremna i lektorutdanningane ikkje er tekne med i tabellane, såg me i arbeidet med innsamlinga at det i desse emna, i likskap med masteremna i GLU, er få språkkrav til dei skriftlege arbeida til studentane. Det at skriving på nynorsk og bokmål ofte er lagd til starten av studieløpa, og at det blir færre språkkrav vidare i løpet, viser at dette ikkje er noko som gjennomsyrar utdanningane som heile, men heller noko som blir gjort tidleg, slik at ein er ferdig med det. Dette peikte Proba-rapporten på òg, der dei fann at nynorsk vart mindre og mindre prioritert som obligatorisk del av vurderingsordninga utover i utdanningane (Staalesen et al., 2014, s. 75).

Me ser òg at studentane oftare blir vurderte i nynorsk i arbeidskrav enn til eksamen, i likskap med det dei fann i Proba-rapporten frå 2014. Som nemnt er arbeidskrav ein obligatorisk læringsaktivitet som må godkjennast for å kunna ta eksamen. Desse skriftlege arbeida er altså ikkje, med unntak av mappevurderingar, del av ei sluttvurdering som studentane får karakter på. Krav til nynorsk i arbeidskrava er, i motsetning til ved eksamen, ikkje gjennomgåande avgrensa til starten av studieløpet. I litt over halvparten av tilfella i både GLU 1-7 og GLU 5-10 skal studentane skriva nynorsk i arbeidskrav også i masteremna. Ved å leggja nynorskskrivinga til arbeidskrav heller enn til sluttvurderingar blir ikkje nynorskkompetansen til studentane vurdert under like strenge forhold som bokmålskompetansen. Ifylgje Proba-rapporten kan det oppfattast som eit signal om at det berre er naudsynt å meistra nynorsk på eit bestått-nivå (Staalesen et al., 2014, s. 56).

Ser me på kva for eksamenstypar det oftast er nynorskkgrav til, er dette heilt klart ved heimeeksamen, spesielt i grunnskulelærarutdanningane, noko som stemmer overeins med både Haga (2023) si undersøking og Proba-rapporten (2014). Av reine skuleeksamenar på nynorsk er det derimot berre

krav til fire slike i GLU 1-7 på tvers av alle utdanningsinstitusjonane⁹ og krav til to i GLU 5-10. Ser me på talet på skuleeksamenar på bokmål, er dette betrakteleg høgare med til saman tolv slike i GLU 1-7 og 5-10 på tvers av alle utdanningsinstitusjonane, medan talet for heile heimeeksamenar som skal skrivast på bokmål, berre er tre. Det er òg nokre tilfelle der studentane kan velja kva for eksamen dei vil skriva nynorsk eller bokmål på, i tillegg til ein del eksamenar med krav om at studentane skal skriva på begge skriftspråka i same eksamen. I grunnskulelærarutdanningane er det òg ein del mappeeksamenar, der studentane i dei fleste tilfella skal skriva tekstar både på nynorsk og på bokmål i desse vurderingane. Oslomet og NTNU har mappeeksamenar med tekstar som utelukkande skal skrivast på nynorsk. Denne gjennomgangen viser at utdanningsinstitusjonane i større grad krev at studentane skriv nynorsk ved heimeeksamen enn ved skuleeksamen, og at dei krev at dei skriv på bokmål ved skuleeksamen i større grad enn ved heimeeksamen. Som kjent kan studentane ved heimeeksamen bruka hjelpemiddel og retteprogram, medan i dei fleste skuleeksamenar må studentane skriva heile teksten utan andre hjelphemiddel enn ei ordbok.¹⁰ Dei siste åra har det skjedd store språkteknologiske utviklingar, som mellom anna har gjort omsetjing mellom bokmål og nynorsk lett tilgjengeleg og etter kvart med god kvalitet. Kunstig intelligens har òg blitt svært tilgjengeleg for allmenta. Dette er verktøy som skular og utdanningsinstitusjonar må vera medvitne om. Mange har allereie retningslinjer som forbyr bruk av slike hjelphemiddel til eksamen, men det kan vera vanskeleg å oppdaga. Det er likevel ikkje slik at skuleeksamenar automatisk er betre for å sikra nynorskkompetansen til studentane. Kva studentane får ut av ei vurdering, heng saman med korleis det blir arbeidd med tekstane, og korleis vurderinga skjer.

I norsk 2 skal studentane gjerne skriva ei FoU-oppgåve. Dette eit større individuelt forskings- eller utviklingsarbeid som skal kopla saman pedagogikk og fagdidaktikk. Ved stort sett alle utdanningsinstitusjonane skal denne oppgåva skrivast på valfritt skriftspråk. Den einaste staden det ligg

9 Dette er dersom ein tek med UiA, der studentane skal skriva ein skuleksamens på motsett skriftspråk av FoU-oppgåva same semester.

10 Det er nokre ulike praksisar på dette ved ulike utdanningsinstitusjonar, men dette er dei generelle praksisane.

inne eit språkkrav til denne oppgåva, er ved INN. Både i GLU 1-7 og i vidareutdanning i norsk 2 for trinn 1-7 på INN er det krav til at FoU-oppgåva skal skrivast på bokmål.

Det er òg nokre emne som går igjen, der studentane skal skriva tekstar på nynorsk. Utan at me har undersøkt dette systematisk, har me merka oss i arbeidet med datainnsamling at nynorskkrava ofte ligg i emne som handlar om talemål og/eller språkhistorie og litteratur. Eit kjapt blikk over data-materialet me har samla inn, seier oss at alle lektorutdanningane der dei har eit emne med namn som «språkhistorie og talemål», har krav om at studentane skriv på nynorsk enten i arbeidskrav eller til eksamen i dette emnet. Det at nynorsk ofte blir knytt til visse emne, kan bidra til å skapa eit inntrykk av at bruksområdet til nynorsk er avgrensa.

I gjennomgangen i dette delkapittelet har me forsøkt å gje eit bilet av kvar ein finn språkkrava i dei ulike utdanningane som kvalifiserer til læraryrket. Me har sett at utdanningsinstitusjonane stiller krav til at studentane skal skriva både på nynorsk og på bokmål, men av eksamenane som har språkkrav (som i det totale talet på eksamenar i utdanningane ikkje er så mange), er det flest som stiller krav til nynorsk. I tabellane ser me at det er fordi fleire utdanningsinstitusjonar omtrent berre stiller krav til at studentane skal skriva på nynorsk, i dei eksamenane dei har språkkrav i. Dette ser me til dømes i GLU 1-7 på HVO og i GLU 5-10 på OsloMet. Det er òg ein del utdanningsinstitusjonar som stiller meir eller mindre like krav til at studentane skal skriva på nynorsk og på bokmål. Dette ser me i tabellane at NU, INN, HiØ og USN gjer i GLU 5-10, og me ser at NTNU, HVL og UiA gjer det i GLU 1-7. Sjølv ved dei utdanningsinstitusjonane der det blir stilt fleire krav til nynorsk enn til bokmål, er det framleis få vurderingar som det i det heile er språkkrav til. Det vil seja at grunnskulelærarstudentane kan skriva svært mange fleire tekstar på bokmål enn på nynorsk, sjølv om det er fleire krav til at dei skal skriva på nynorsk i dei vurderingane det er språkkrav til, ettersom majoriteten av studentane vil ha bokmål som sitt føretrekte skriftspråk.

Ettersom vilkåra for nynorsk og bokmål i realiteten er ulike, hevdar til dømes Bjørhusdal (2015) at språknøytralitet, som er posisjonen til institusjonane som stiller omtrent like krav til skriving på nynorsk og bokmål, ikkje er nok for å sikra at mindretalsspråka blir brukte og haldne ved lag (Bjørhusdal, 2015, s. 116). Ein språksikringspolitikk, slik til dømes HVO og OsloMet viser

i emneplanane for GLU 1-7, legg i motsetning til ein språknøytral språkpolitikk meir til rette for mindretalsspråket (Bjørhusdal, 2015, s. 114). Det å ha akkurat like mange vurderingar på begge skriftspråka eller å stilla fleire eller høgare krav til skriving på bokmål i lærarutdanningane kan altså hindra jamstilling mellom språka.

6.5 Døme på gode praksisar

I arbeidet med denne rapporten har me funne at nokre utdanningsinstitusjonar har gode praksisar for å sikra nynorskkompetansen til lærarstudentane i dei ulike utdanningane, og no vil me presentera nokre av dei her. Me kan ta til med GLU 5-10 utan norsk, der UiS og HVO, som me har nemnt tidlegare, har eigne emne der studentane skal arbeida med tekstar på både nynorsk og bokmål, sjølv om dei ikkje har norsk i fagkrinsen. I emna «lesing og skriving i alle fag» ved UiS og «profesjonsskriving på nynorsk og bokmål» ved HVO skal studentane både få kunnskapar om språk generelt og nynorsk spesielt og sjølve skriva tekstar på nynorsk. Slike emneplanfesta tilbod gjer gjerne at det ikkje blir så personavhengig kva vurdering studentane skal ha, og Jegteberg (2021, s. 80) seier dette om profesjonsskrivingskurset til HVO: «Det at dei har eit obligatorisk kurs som dette gjer at kva nynorskopplæring studentane får ikkje er avhengig om faglærarane i dei andre faga enn norsk er opptekne av nynorsk».

Går me vidare til lektorutdanningane, vil me særleg trekkja fram UiB og UiO. I ei av masterfordjupingane i lektorutdanninga i nordisk ved UiO er det eit obligatorisk emne som heiter «nynorsk med praksis for lektorstudentar». Ettersom masteremna i lektorutdanningane ikkje er inkluderte i denne rapporten, er ikkje dette registrert i tabellane, men det er likevel noko me merka oss i datainnsamlinga og vil trekkja fram her. Dette er ei ordning som sikrar at alle studentane i denne masterfordjupinga møter nynorsk og blir vurderte i det på masternivå, noko som me tidlegare har diskutert at ofte er avgrensa til byrjinga av studieløpet. I dette emnet skal studentane mellom anna skriva ein tekst, få tilbakemelding på eigen tekst og gje tilbakemelding til ein medstudent. I tilbakemeldingane dei gjev, skal dei òg retta nynorskfeil. Studentane skal òg ha mappeeksamen med tre arbeid, der alle desse skal skrivast på nynorsk.

I nordisk lektorutdanning ved UiB har dei ei ordning som me ikkje ser i nokon av utdanningane frå dei andre utdanningsinstitusjonane me har

undersøkt. Som me ser i tabellen for lektorutdanningane, skal dei på UiB trekkja lodd om kva for skriftspråk ganske mange av eksamenane skal skrivast på. Sånn sett er denne lektorutdanninga den einaste i data-materialet vårt der studentane potensielt skal skriva på nynorsk i eksamen i norskdidaktikken. Det å ha ei slik ordning signaliserer at studentane skal meistra begge skriftspråka, fordi det er tilfeldig kva for skriftspråk dei må nytta til eksamen, i tillegg til at bruk av nynorsk ikkje blir særleg knytt til visse emne. Samstundes kan det òg føra til at svært mange eksamenar må skrivast på bokmål eller på nynorsk, og korleis ordninga er dersom slikt skjer, har ikkje me undersøkt nærmere.

Me vil òg trekkja fram vidareutdanningane i norsk ved HVL, HVO og OsloMet, der alle desse har fleire krav til at studentane skal skriva på nynorsk. HVO har som me peikte på tidlegare, ei vidareutdanning spesifikt for å heva kompetansen i nynorsk med namn «norsk 2, nynorsk i opp-læringa, 8.-13. trinn». Her skal alt skriftleg arbeid vera på nynorsk. Studiet består av to emne, og i kvart av desse skal studentane skriva 15 korte arbeidskrav. Til eksamen i begge desse emna skal dei vidareutvikla eitt av desse arbeidskrava. Også i dei andre vidareutdanningane i norskfaglege emne ved HVO ser me generelt at nynorsk er vektlagd i dei skriftlege arbeida til studentane.

Ved OsloMet skal studentane skriva nynorsk i arbeidskrav i alle vidareutdanningar for norsk 1 og 2, og om lag alle desse utdanningane stiller òg krav til at studentane skriv på nynorsk til eksamen. Den einaste av desse utdanningane som ikkje stiller krav til nynorsk til eksamen, er norsk 2 for trinn 5-10 (KFK), der det einaste språkkravet i eksamenane er at FoU-oppgåva skal skrivast på bokmål. Me må òg trekkja fram at arbeidskrava studentane skal skriva på nynorsk, er både fleire og meir omfattande, i alle desse utdanningane. I KFK-utdanningane ved HVL er det òg gjennomgåande krav til at studentane skal skriva på begge skriftspråka i arbeidskrav og ulike typar eksamensformer.

7 Oppsummering

Denne rapporten lyftar fram at nynorskkompetansen til lærarane er avgjande for at elevane skal få god opplæring både i og på nynorsk, i tillegg til at nynorskkompetansen til lærarane er eit viktig ledd for å oppnå reell jamstilling mellom nynorsk og bokmål. Funna i rapporten peikar på at studentar som har norsk i fagkrinsen sin, uavhengig av kva for utdanning dei tek, blir prøvde i nynorsk i løpet av utdanninga si. Det varierer likevel mykje mellom utdanningsinstitusjonane kor mykje nynorsk studentane skal skriva i løpet av utdanninga si, og korleis nynorskkompetansen deira blir vurdert. Sjølv om utdanningsinstitusjonane oppfyller eit minstekrav om korleis dei sikrar nynorskkompetanse, er det likevel grunn til å tru at det i mange tilfelle ikkje er tilstrekkeleg for at studentane skal meistra nynorsk på ein kvalifisert måte i profesjonssamanheng, slik rammeplanen seier at dei skal.

Rapporten peikar på at dersom elevar med nynorsk som hovudmål skal få den opplæringa dei har krav på, må lærarar utan nynorsk i fagkrinsen også kunna undervisa i faget sitt på nynorsk – og dimed må dei ha nynorskkompetanse til å kunna gjera det. Funna frå rapporten viser at det er svært få studentar utan norsk i fagkrinsen som blir prøvde i nynorsk i løpet av utdanninga si. Nokre få av utdanningsinstitusjonane har ordningar som stiller nynorskkrav til studentar utan norsk i fagkrinsen, og det er berre i grunnskulelærarutdanninga for 5. til 10. trinn me finn slike ordningar. Studentar utan norsk i fagkrinsen som tek PPU eller lektorutdanning, får ikkje prøvd nynorskkompetansen sin i studieløpet sitt. Studentar som tek grunnskulelærarutdanninga for 5. til 10. trinn, PPU eller lektorutdanninga, utgjer eit fleirtal av lærarane som blir utdanna i dag.

Det må altså setjast i verk tiltak for at elevane i skulen skal få den opplæringa dei treng for å bli trygge språkbrukarar. Dette gjeld både dei som skal læra nynorsk som hovudmål, og dei som skal læra nynorsk som sidemål. Rapporten er tydeleg på at lærarutdanningane har eit viktig ansvar for at lærarstudentane skal få den kompetansen dei treng, men at ansvaret ikkje berre ligg på kvar enkelt utdanningsinstitusjon. Det overordna ansvaret ligg hjå styresmaktene. Ei gjennomgang over tiltak som baserer seg på funna i denne rapporten, kjem nedanfor.

8 Tiltak

Når me har samla inn data frå emneplanane, har me sett døme på både gode og mindre gode praksisar i arbeidet med å sikra at lærarstudentane blir vurderte i både bokmål og nynorsk i utdanninga si. Her vil me presentera forslag til tiltak på både styresmaktnivå og institusjonsnivå som kan bidra til å sikra at alle framtidige lærarar, uavhengig av kva fag dei skal undervisa i, har den nynorskkompetansen som trengst i skulen. Det er òg viktig at målsetjingane i offisiell norsk språkpolitikk om å bruka og styrkja nynorsk og gje nynorsk-brukarane gode vilkår er styrande for utviklinga av lærarutdanningane.

8.1 Tiltak for styresmaktene

8.1.1 Sterkare styring av ansvar

Av tiltaka som språkbyterapporten (2022) presenterer, blir det lista opp fleire tiltak som kan gjerast i lærarutdanningane for å hindra språkbyte. Fleire av desse er aktuelle i denne rapporten òg, og eitt av dei er sterkare styring av ansvar. Dette tiltaket er basert på funna i Flasnes (2017), Jegteberg (2021) og Proba-rapporten (2014). Alle desse studiane peikar på at det trengst ei sterkare styring av kven som skal ha ansvaret for å sikra både den didaktiske og den språklege nynorskkompetansen til alle lærarstudentar (Språkrådet, 2022, s. 87). Det er òg i tråd med funna i denne rapporten.

Språklovsproposisjonen peikar òg på at språkpolitiske vurderingar, inkludert omsynet til ulike språklege mindretal, er særleg viktige når det skal gjerast større systemendringar på feltet. Han seier òg at det skal leggjast til rette for at nynorskelever og bokmålselever får eit likeverdig høve til å meistra sitt eige språk (Prop. 108 L (2019–2020), s. 58). Det føreset at styresmaktene tek grep for at lærarar skal ha den kompetansen som krevst.

I 2014 sende Kunnskapsdepartementet brev til alle grunnskulelærarutdanningane med særleg oppmading om å sikra nynorskkompetansen for studentar ved GLU 5–10 utan norsk i fagkrinsen. Me ser at for lite har blitt gjort sidan brevet vart sendt. Det vitnar om at det må meir til frå Kunnskapsdepartementet si side for å løysa problemet. Det er eit tydeleg behov for sterkare styring av ansvar.

8.1.2 Norsk som obligatorisk fag i GLU 5–10

Fylgjegruppa for lærarutdanningsreforma konkluderte med at nynorsk i GLU 5–10 var eitt av fem berre delvis løyste problem med GLU-reforma, og at bortfallet av obligatorisk norsk for 5. til 10. trinn har ført til at institusjonane har vanskar med å oppfylla krava i forskrifta om at studentane skal meistra både bokmål og nynorsk som profesjonsspråk (2015, s. 126). Probarapporten peikar på det same problemet, og dei same funna har me i denne rapporten. Skal lærarstudentane få naudsynt nynorskkompetanse, uavhengig av kva fag dei har i fagkrinsen, bør norsk bli ein obligatorisk del av GLU 5–10 igjen.

8.1.3 Språkkrav i rammeplanane

Funna i denne rapporten viser at dei lærarutdanningane der forskrifta til rammeplanen krev nynorskkompetanse, i større grad forsøkjer å sikra nynorskkompetansen til lærarstudentane. Det er berre forskriftene for rammeplan for grunnskulelærarutdanninga (både trinn 1–7 og trinn 5–10) som seier noko om språkkompetansen til studentane i det heile. Sidan forskriftene legg føringar for kva som skjer i praksis, er det viktig at formuleringar om språkkompetanse kjem inn i rammeplanane også for lektorutdanning og PPU. Språklova (2021) peikar på ansvaret det offentlege har for å fremja nynorsk. For å fremja nynorsk, og for å ta på alvor den særstillinga opplæringsfeltet står i for å sikra norsk som samfunnsberande språk, er språkkrav i rammeplanane for dei ulike lærarutdanningane eit viktig tiltak.

8.1.4 Utvikla gode ordningar som sikrar nynorskkompetanse

Rapporten viser at sjølv om mange utdanningsinstitusjonar ikkje i tilstrekkeleg grad sikrar nynorskkompetanse hjå studentane, finst det likevel fleire gode praksisar rundt i landet. Eit tiltak for å sikra nynorskkompetanse hjå lærarstudentar i framtida kan vera å setja ned eit utval der representantar frå ulike utdanningsinstitusjonar kan utvikla ordningar som sikrar nynorskkompetanse hjå alle lærarstudentar. I brevet til grunnskulelærarutdanningane frå 2014 skriv Kunnskapsdepartementet: «Institusjonene må selv vurdere behov for nasjonalt samarbeid for [sic] utvikle gode vurderingsformer som sikrer god dokumentasjon» (Kunnskapsdepartementet, 2014, s. 2). Ansvaret for å få på plass eit slikt samarbeid bør ikkje liggja på kvar enkelt utdanningsinstitusjon, og initiativet bør koma frå sentralt hald.

8.1.5 Profesjonsmeldinga

Det er varsle at Kunnskapsdepartementet skal koma med ei profesjonsmelding våren 2024. Meldinga skal leggja hovudvekt på dei rammeplanstyrte lærar-, ingeniør- og helse- og sosialfagutdanningane. Funna frå denne rapporten er eit viktig innspel til kva for kompetanse som krevst av dei rammeplanstyrte lærarutdanningane i framtida, og nynorskperspektivet bør vera ein del av arbeidet frå byrjinga av.

8.2 Tiltak for utdanningsinstitusjonane

8.2.1 Ordningar som sikrar nynorskkompetanse i fellesemne

For at alle lærarar skal oppnå den nynorskkompetansen som krevst, må utdanningsinstitusjonane få på plass ordningar som sikrar nynorskkompetanse også for dei som ikkje har norsk i fagkrinsen, og for studentar ved alle ulike lærarutdanningar. Eit forslag kan vera at alle skal ha ein pedagogikkeksamen på nynorsk. Eit slikt krav i desse utdanningane kan vera med på å auka både det språklege medvitet og den språklege profesjonskompetansen til lærarane på desse årstrinna. Eit anna forslag kan vera at FoU-oppgåva, som er ein del av mange lærarutdanningar, skal skrivast på nynorsk.

8.2.2 Vektlegging av språk i vurderingar

Sjølv om det er krav til at studentane skal skriva på nynorsk og bokmål i vurderingar i dei ulike lærarutdanningane, er det vanskeleg å seia noko om kor mykje språket har å seia i vurderingane av desse tekstane, særleg i andre fag enn norsk. Informantane i undersøkinga til Jegteberg (2021, s. 71) meinte at språket truleg har lite innverknad på vurderingar i til dømes pedagogikkemne, og at manglande nynorsk- eller bokmålskompetanse sjeldan ville føra til at studenten ikkje får bestått. Eit tiltak vil difor vera å ha reglar, til dømes i prosent, for kor mykje vekt som skal leggjast på språket i tekstane i vurderingane med språkkrav. Dette må gjelda vurderingane med språkkrav både i norskfaglege emne og i ikkje-norskfaglege emne.

8.2.3 Nynorskdidaktikk i lærarutdanningane

I denne rapporten har me ikkje sett på den didaktiske delen av nynorsk-kompetansen til lærarstudentane, men me har likevel peikt på at det er behov for meir enn berre formell språkkompetanse for å gje ei god nynorskoplæring. Språkbyterapporten viser, med referanse til Flasnes (2017), Jegteberg (2021) og Proba-rapporten (2014), at det er lite opplæring i nynorskdidaktikk i programma ved lærarutdanningane (Språkrådet, 2021, s. 86). I den grad nynorsk er eit tema i utdanningane, handlar det stort sett om at studentane skal meistra nynorsk sjølve. Læraryrket stiller likevel krav til språkkompetanse som går ut over den kompetansen som trengst for å vera ein kompetent *språkbrukar*. Som lærar må ein òg gå inn i rolla som *språkanalytikar* og *språkpedagog* (Haukås, 2014, s. 9). Lærarutdanningane har eit ansvar for å gjera studentane til profesjonelle språkbrukarar, med dei språkkunnskapane dei treng i og utanfor klasserommet i utøvinga av yrket sitt. Ifylgje språkbyterapporten ser det ut til å liggja eit unytta potensial ved mange utdanningsinstitusjonar når det gjeld nettopp nynorskdidaktikk.

8.2.4 Synleggjera nynorsk ved institusjonen

Språkrådet publiserte i 2023 *Rapport om tilsynet med bruken av bokmål og nynorsk i statsorgana i 2022*. Rapporten viser at ingen høgskular eller universitet oppfyller målsetjingane i § 13 i språklova om at sentrale statsorgan skal veksle mellom bokmål og nynorsk i allment tilgjengeleg materiale, slik at ingen av skriftspråka er representerte med mindre enn 25 prosent (Språkrådet, 2023). For dei aller fleste institusjonane inneber det at dei brukar for lite nynorsk. At studiestadane skal synleggjera nynorsk i alle kanalar, handlar ikkje berre om å etterleva lovkrav. For lærarstudentar kan det vera ekstra viktig at studiestaden bidreg til å eksponera dei for nynorsk. Eksponeringa av nynorsk kan støtta studentane i arbeidet med å meistra språket. I tillegg kan studiestaden ved å bruka nynorsk på ulike område synleggjera for studentane at nynorsk er eit *bruksspråk* som ikkje er avgrensa til bruk i enkelte domene.

9 Vidare forsking


Gjennom funna frå denne rapporten får me innsikt i korleis utdanningsinstitusjonane vurderer og dokumenterer nynorskkompetansen til studentane. Me veit likevel lite om korleis det blir arbeidd med nynorsk i praksis, både fram mot vurderingssituasjonane og i etterkant av dei. I tillegg veit me lite om kva for nynorskdidaktisk kompetanse studentane får gjennom utdanninga si. For å finna ut meir om den faktiske nynorskkompetansen til studentane er det behov for meir forsking på feltet.

9.1 Kvalitativ tilnærming med same problemstilling

I denne rapporten har me teke utgangspunkt i emneplanar for å kunna seia noko om nynorskkompetansen til lærarstudentane. På den måten får me kunnskap om kva utdanningsinstitusjonane *vil* gjera for å sikra nynorskkompetanse hjå studentane, men me veit likevel ikkje så mykje om korleis det blir gjort, eller om det blir gjort i tråd med emneplanane. Det er behov for forsking som viser korleis praksisen i utdanningane faktisk er, og kva for nynorskkompetanse lærarstudentane faktisk har etter at utdanninga er fullført. Med ei endå meir kvalitativ tilnærming til problemstillinga som er utgangspunktet for denne rapporten, kan ein få meir inngåande kunnskap om praksisen ved utdanningsinstitusjonane og eit breiare grunnlag til å føreslå vidare tiltak.

9.2 Forsking på nynorskdidaktikk i lærarutdanningane

Som nemnt i kapittel 8.2.3 er det behov for at lærarstudentane får opplæring i nynorskdidaktikk. Det er òg behov for å finna ut meir om kva som allereie blir gjort på dette feltet. Ved å forska på kva lærarstudentane lærer om nynorskdidaktikk i utdanninga si, kan ein få kunnskap om både gode og mindre gode praksisar. Det kan vera nyttig kunnskap for styresmakter og lærarutdannarar, og det kan danna grunnlag for vidare utvikling av lærarutdanningane.



Det er behov for forsking som viser korleis praksisen i utdanningane faktisk er, og kva for nynorskkompetanse lærarstudentane faktisk har etter at utdanninga er fullført.

10 Kjelder

Anderson, R. (2007). Nynorskkompetanse og haldningar til nynorsk hjå studentar i «nynorskland». I G. Akselberg & J. Myking (Red.), *Å sjå samfunnet gjennom språket* (s. 23–32). Novus forlag.

Bjørhusdal, E. (2015). Nøytralitet eller nynorsk? Språkpolitiske hovudprinsipp i norsk opplæring. I H. Eiksund & J.O. Fretland (Red.), *Nye røyster i nynorskforskinga* (s. 104–119). Det Norske Samlaget.

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse. (u.å.). Database for statistikk om høyere utdanning. Henta 15. oktober 2023. <https://dbh.hkdir.no/tall-og-statistikk/statistikk-meny/studenter>

Flasnes, G. (2017). *Nynorsk og lærerutdanning: En undersøkelse av hvordan nynorsk blir behandlet som ferdighetsområde i norsklærerutdanningene ved NTNU* [Masteroppgåve]. Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet.

Forskrift om plan for grunnskolelærerutdanning. (2010). Forskrift om rammeplan for grunnskolelærerutdanningene for 1.–7. trinn og 5.–10. trinn (FOR-2010-03-01-295). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2010-03-01-295>

Forskrift om plan for grunnskolelærerutdanning, trinn 1–7. (2016). Forskrift om rammeplan for grunnskolelærerutdanning for trinn 1–7 (FOR-2016-06-07-860). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2016-06-07-860>

Forskrift om plan for grunnskolelærerutdanning, trinn 5–10. (2016). Forskrift om rammeplan for grunnskolelærerutdanning for trinn 5–10 (FOR-2016-06-07-861). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2016-06-07-861>

Forskrift om plan for praktisk-pedagogisk utdanning. (2015). Forskrift om rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning (FOR-2015-12-21-1771). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2015-12-21-1771?q=rammeplan%20praktisk-pedagogisk>

Forskrift om plan for lektorutdanning for trinn 8–13. (2013). Forskrift om rammeplan for lektorutdanning for trinn 8–13 (FOR-2013-03-18-288). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2013-03-18-288>

Følgegruppen for lærerutdanningsreformen. (2012). *Rapport nr. 2. Med god gli i kupert terren. GLU-reformens andre år.* <https://www.uis.no/sites/default/files/2021-02/Rapport%202%20fra%20F%C3%B8lgegruppen.pdf>

Følgjegruppa for lærarutdanningsreforma. (2015). *Rapport nr. 5. Grunnskulelærarutdanningane etter fem år. Status, utfordringar og vegar vidare.* <https://www.uis.no/sites/default/files/2021-02/Rapport%20nr.%205%20fr%C3%A5%20F%C3%B8lgjegruppa.pdf>

Garrett, P. (2010). *Attitudes to language*. Cambridge.

Haga, M. (2023). «Så det ville jo ikkje ha skada bokmålet om ein hadde meir nynorsk» – ein kvalitativ studie kring nynorsk i lærarutdanningane for studentar med norsk i fagkrinsen [Masteroppgåve]. Universitetet i Stavanger.

- Hansen, T.I. & Messel, J. (2023, 1. august). OsloMet – storbyuniversitetet.
I *Store norske leksikon*. https://snl.no/OsloMet_%E2%80%93_storbyuniversitetet
- Hattie, J. & Timperley, H. (2007). The Power of Feedback. *Review of Educational Research*, 77(1), 81–112. <https://journals.sagepub.com/doi/10.3102/003465430298487>
- Haukås, Å. (2014). Metakognisjon om språk og språklæring i et flerspråklighetsperspektiv. *Acta Didactica Norge*, 8(2), Art. 7, 16 sider. <https://doi.org/10.5617/adno.1130>
- Jegteberg, I.M. (2021). *Von om betre tider? Ei granskning av grunnskulelærar-utdanningane si sikring av nynorskkompetansen til studentane på retninga 5–10 utan norsk i fagkrinsen* [Masteroppgåve]. Høgskulen på Vestlandet.
- Kunnskapsdepartementet. (2014). *Lærerutdanningenes dokumentasjon av kandidatenes nynorskkompetanse*. <https://nynorskenteret.no/uploads/documents/DirektoratbrevDesember2014.pdf>
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Overordna del – verdiar og prinsipp for grunnoppplæringa*. Fastsett som forskrift ved kongeleg resolusjon. Læreplanverket for kunnskapsløftet 2020. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/verdier-og-prinsipper-for-grunnopplaringen/id2570003/>
- Landssamanslutninga av nynorskkommunar. (2023, 26. september). *Nynorskbrukarar flest kjenner seg aksepterte og stolte – men 1 av 6 har fått negative tilbakemeldingar det siste året*. <https://lnk.no/nyhende/nynorskbrukarar-flest-kjenner-seg-aksepterte-og-stolte-men-1-av-6-har-fatt-negative-tilbakemeldingar-det-siste-aret/>
- NTNU. (2023, 3. oktober). *Studieplan. Grunnskolelærerutdanning 5.–10. trinn – masterstudium (5-årig)*. NTNU. <https://www.ntnu.no/studier/studieplan#programmeCode=MGLU5-10&year=2023>
- Opplæringslova. (1998). Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. (LOV-1998-07-17-61). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61>
- Prop. 108 L (2019–2020). Lov om språk (språklova). Kulturdepartementet. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-05-21-42>
- Regjeringa. (2014, 30. mars). *Rapporter fra følgegruppen for lærerutdanningsreformen*. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Rapporter-fra-følegruppen-for-lærerutdanningsreformen/id753381/>
- Skjøng, S. (2011). Lærarkompetanse: nøkkelen til god nynorskoplæring. I B.K. Jansson & S. Skjøng (Red.), *Norsk = nynorsk og bokmål: ei grunnbok om nynorsk i skolen* (s. 77–108). Det Norske Samlaget.
- Smith, K. (2007). Vurdering som et motivasjonsfremmende redskap for læring. *Norsk pedagogisk tidsskrift*, 91(2), 100–106. <https://doi.org/10.18261/ISSN1504-2987-2007-02-02>
- Språklova. (2021). Lov om språk (LOV-2021-05-21-42). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-05-21-42>

Språkrådet. (2021). *Språkstatus 2021*. Språkpolitisk tilstandsrapport. Språkrådet.
<https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/sprakstatus1/sprakstatus-2021/>

Språkrådet. (2022). *Rapport om språkbyte. Eit kunnskapsoversyn over språkbyte fra nynorsk til bokmål*. Språkrådet. <https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/sprakstatus1/sprakstatus-2021/>


Staalesen, P., Wedde, E. & Solheim, Ø.B. (2014). Undersøkelse av nynorsk som hovedmål (2014-07). Proba samfunnsanalyse.

Statistisk sentralbyrå. (u.å.). 12071: *Ansatte lærere i grunnskolen, etter pedagogisk utdanning, statistikkvariabel, år og alder*. Henta 15. oktober 2023.
<https://www.ssb.no/statbank/table/12071/tableViewLayout1/>

USN. (2023, 27. september). *Studieplan for Grunnskolelærerutdanning for trinn 5-10*.
USN. https://www.usn.no/studier/studie-og-emneplaner/#/studieplan/MGLU2_2023_H%C3%98ST

Utdanningsdirektoratet. (2020). *Læreplan i norsk (NOR01-06)*. Fastsett som forskrift.
Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020. <https://www.udir.no/lk20/nor01-06?lang=nob>

Utdanningsforbundet. (2021). *Femårige lærerutdanninger og undervisningskompetanse*.
<https://www.utdanningsforbundet.no/medlemsgrupper/universitet-og-hogskole/ny-master-i-grunnskolelærerutdanning-og-undervisningskompetanse/>



Funna i denne rapporten viser tydeleg at nynorskkompetansen til lærarstudentane i større grad vert forsøkt sikra i dei lærarutdanningane der forskrifta til rammeplanen krev nynorskkompetanse.